Øygarden kommune

– Brubyggjaren

KULTURMINNEPLAN

Vedteke av Øygarden kommunestyre

øygarden

Innhald

FORORD 4
Vern og nyskaping hand i hand 4

Kapittel 1 Verdien i kulturminna 5
Grunnlaget for planen – Kulturminne i Øygarden 6
Oppbygginga av planen 7

Kapittel 2 Verkemiddel 7
Korleis tek me vare på kulturminna? 7
Omsyn for kulturmiljø. Heimel: Pbl § 11-8 c) 9
Bevaring av eksisterande bygningar og anna kulturmiljø. (Heimel Pbl. § 11-9 nr.7) 10
Organisering og medverknad 11
Formidling og tilrettelegging 12

Kapittel 3 Kulturminne frå eldre tider 12
Lyngheiene og torvmyrene 15
Dei rydda bøane 16
Steingardar 19
Arkeologiske kulturminne (fornminne) 22
Undervatn-arkeologi 27

Kapittel 4 Kystkultur 27
Sjøbruksmiljø. Kystkultur og fiske 27
Badet i Blomvågen 35
Øygardsprosjektet 36
Handelshus, kremmarhus og gjestgjevarstader 38
Landbruk 44
Bygningar i utmarka 46
Kvern og kvernhus 51
Garden, tunet 56
Den nordatlantiske byggjeskikken 59
Vegar og samferdsel 72
Kyrkjer og bedehus ..... **Feil! Bokmerke er ikke definert.**
Hjelme gamle kyrkje 81
Blomvåg kyrkje 83
Hjelme kyrkje 84
Bedehus 85
Grendahus på Herdlevær 87

Kapittel 5 Kyrkjer, bedehus og offentlege bygg 80
Det gamle kommunehuset i Hjelme kommune 88
Det gamle kommunehuset på Tjeldstø 89
Kommunalt senterområde på Rong 90
Skular 91
Kystmuseet 92
Steinbåten 93
Saltebua på Kystmuseet 93
Smia ved Kystmuseet 94

"Brøllahuset" Oen, Heimtun gnr 43, bnr 16 94
Strandberg gnr 43/bnr 02 95
Smalehus – Breivik, bruksnr. gnr/bnr 45/63 99
Tørkehuset i Breivik 99
Fjæremannshuset i Breivik 100
Sjøbu i Breivik 100
Kaien 101

Kapittel 6 Tekniske og industrielle kulturminne 102
Krabbefabrikken på Hellesøy 102
Hermetikkfabrikken på Hellesøy 1916 Nedlagd 1980 102
Kvalstasjonen ved Eikjelen på Blomvågnes 103
Sandtørka i Kjøpmannsvågen på Toftøyna og i Søre Selsvågen (Norde Sele) 104
Pengeskapfabrikken 105
Sildesalteri 105
Nothengja på Hellesøy 108
Smia i Kjøpmannsvågen 108
Stureterminalen 109
Gassanlegget på Kollsnes 110
Kollsnes næringspark 110
Bølgjekraftverka vest på Toftøy 112

Kapittel 7 Forsvars- og krigsminne 113
Neshaugen (Blomvågnes) 114
Blomenuten – bilete 115
Englandskaien på Hernar. – bilete 115
Flymeldepost på Toftøy og på Selsstakken – bilete 115

Kapittel 8 Immateriell kulturarv og lause kulturminne 116
Immateriell kulturarv 116
Forteljartradisjon: 116
Handverkstradisjonar: 117
Stadnamn: 117
Mattradisjonar: 117
Religiøse tradisjonar og ritual 118
Lause kulturminne 118

Kapittel 10 Oppslagsdel 118
Perler i Nordsjøløypa (PIN) 37
Definisjonar og begrep 118
Klassifisering av verneverdi 119
Tilskotsordningar 119

Kapittel 11 Vedlegg 120

Kapittel 12 Kjelder og litteratur 121

FORORD

Vern og nyskaping hand i hand

I heile landet vert det no laga kulturminneplanar i kommunane. I Øygarden ønskjer me at vår kulturminneplan skal hjelpa oss å sjå verdien i dei kulturminna me har rundt om oss. Bygdene våre, lokalsamfunnet, inneheld forteljingar frå ei tid som er forbi, men som er uløyseleg knytte til notida – og framtida. Forteljingane ligg i spora i landskapet, og desse spora taper verdi om me ikkje forvaltar kulturminna godt, og på ulike måtar fortel deira historie.

Me omgir oss både med natur- og kulturlandskap. Landskapet er historia om kven me er og kven me ønskjer å vera. Historia om oss lever også i spora i landskapet. Der har identiteten vår feste. Der hentar me forteljingane om kven me er.
Det å kjenna seg knytt til eit særleg landskap med sine kulturuttrykk kan vera ein del av ei samansett og mangetydig kjensle. Det handlar om å høyra til, å vera til, å gå inn i ein samanheng, å ha ei historie som har noko å seia for kven ein er no. Det same er tilfelle når me distanserer oss frå landskapet rundt oss. Det er også ein kulturell refleksjon; «Dette er ikkje mitt landskap. Her trivs eg ikkje.»
Målet med ein kulturminneplan er å få fleire til å sjå verdien av historia vår og å ta vare på, utvikle tradisjonen, kulturarven og kulturminna. Den kan ikkje vera ein fullstendig verneplan, med fokus på å setja i stand og vedlikehalda alle kulturminne. Å verdsetja er del av det å skapa. Grunneigar og kommune kan saman gå inn i framtida, medvitne om dei verdiane som finst i Øygarden. Samtidig kan dei skapa noko nytt av kulturminna. Me må ta med oss dei gamle forteljingane som ein særskild kunnskap og kompetanse, og våga å endra oss inn i framtida. På den måten kan kulturminna også bli nyskapande.

Våningshus/bustadhus på Skjold gnr/bnr 1/11 (1/1). Våningshuset vart bygt i 1877 og påbygt i 1911. Foto Øygarden kommune 2019.

Ved at grunneigarar og kommune saman ser verdien av kulturminna, kan dei både ta vare på og skapa noko.
God lesing!

Av havet kom dei sigande
og lengta etter land,
då såg dei fjella stigande
og kjendest ved si strand.
Då kom det mot i kroppane,
som såg sin fødestad.
Ja dei gode gamle toppane
dei gjera hugen glad.
Frå Ivar Aasen med litt strilsk tilpassing.

Kapittel 1 Verdien i kulturminna

Kulturminne er definert som alle spor etter menneske i vårt fysiske miljø, i landskapet. Omgrepet omfattar også stader som det knyter seg historiske hendingar, tru eller tradisjon til. Også naturelement med kulturhistorisk verdi kan vera kulturminne, eller kan inngå som del av eitt. Kulturmiljø er ein del av bygda eller kommunen sitt kollektive minne. Ved rett forvalting og bruk fungerer dei som viktige miljø- og identitetsskapande element. Dei representerer både

miljømessige, kulturelle, sosiale og økonomiske verdiar. Dei kan ha noko å seia for identiteten, trivselen og sjølvforståinga til einskildmenneske, dei gir særpreg og eigenart til stader, og dei kan også vera ein ressurs for god samfunns- og næringsutvikling.

Bilde frå Hengjo på Hellesøyna. Foto Kystmuseet i Øygarden.

Kulturminne er ikkje-fornybare ressursar og kan ikkje erstattast om dei vert øydelagde. Opplevinga av kva som er øydelagt, kan vera ulik. Det er heller ikkje eit mål å ta vare på alt. I staden kan ein sikra eit representativt utval av kulturminne som viser det typiske og særmerkte for kommunen frå ulike epokar, frå næringar og når det gjeld skiftande byggjeskikk. Ein bør også ta vare på ein del av dei heilt spesielle kulturminna som kanskje berre finst eitt eller nokon få av. Søkelyset bør rettast på det som er særmerkt for området.

Grunnlaget for planen – Kulturminne i Øygarden

Kulturminna som vert løfta fram i denne planen, er i stor grad henta frå tidligare registreringar og evalueringar. Fleire fagpersonar og instansar har gjort dette saman. Det har vore eit mål i seg sjølv å byggja vidare på det framifrå arbeidet og grunnlaget som alt finst, både i prosjektet *Perler i Nordsjøløypa* og *Øygardsprosjektet.* Når det gjeld dei eldste kulturminna, frå før 1537, definerte som *fornminne*, vart det i samband med oppbyggjinga av olje- og gassanlegga i kommunen dei siste 30 åra, gjort grundige arkeologiske undersøkingar fleire stadar i Øygarden. Det er desse som har gjort Øygarden til den største «steinalderkommunen» i Hordaland. Dei fleste av funna er buplassar og aktivitetsområde frå steinalderen.

På 1970-talet starta arbeidet med ei nasjonal registrering og evaluering av alle bygningar frå før 1900, (SEFRAK-registeret). SEFRAK er først og fremst eit kulturhistorisk register som

særleg har verdi som kjelde for den lokale historia. Registeret blir også brukt av forvaltinga for å få oversikt over verneverdige bygningar i lokalmiljøet, og som grunnlag i det kommunale planarbeidet.

Kommuneplanen for Øygarden, planskildring med føresegn 2014-2022, definerer viktige soner å ta omsyn til.
Kommunen har sjølvsagt ei sentral rolle som samfunnsutviklar. Som planansvarleg er kommunen den største forvaltaren av kulturhistoriske verdiar. Landskap, kulturmiljø og kulturminne utgjer eit grunnlag for verdiskaping og næringsutvikling. Slike verdiar medverkar til å utvikla attraktive lokalsamfunn og reisemål. Det er kommunen, i samspel med innbyggjarane, som best kjenner kva kulturminne kan fortelja om lokalsamfunnet si felles historie. Lokalt er det aukande interesse og engasjement knytt til historie og kulturarv. Friviljuge lag og organisasjonar, museum, skular og enkeltpersonar har gjort ein omfattande innsats i registrering og dokumentasjon av kulturarven i Øygarden. Om me skal lukkast i kulturminnevernet, må dette samarbeidet halda fram.
Eit vesentleg spørsmål i planperioden og vidare framover blir då kva andre kulturminne i Øygarden som skal registrerast, evaluerast og eventuelt takast vare på. Dette vil sjølvsagt måtta vurderast i samarbeid med Fjell og Sund i nye Øygarden kommune. Frå 2020 vil nye Øygarden kommune ha ein kulturminneplan for kvar av dei «gamle kommunane». Frå same året vil desse bli sett under eitt.

Oppbygginga av planen

Kulturminneplanen har fått ei tematisk og ikkje-geografisk inndeling. Bakgrunnen er at kulturminna vert kategoriserte på denne måten i forvaltinga på regionalt og nasjonalt nivå. Kapittel 2 handlar om verkemiddel i vernearbeidet, korleis me kan ta vare på kulturminne. Kapittel 3 omfattar eldre tiders kulturminne og kapittel 4 tek føre seg kystkultur, med dei ulike bygga som høyrer til livet ved kysten. Kapittel 5 omhandlar kyrkjer og bedehus, og offentlege bygg. Kapittel 6 tek føre seg tekniske og industrielle kulturminne, medan kapittel 7 handlar om forsvars- og krigsminne. Siste kapittelet (8) omtalar immateriell kulturarv og lause kulturminne.
Kvart kapittel inneheld målsettingar og tiltak som det bør arbeidast med i planperioden. Ei samla oversikt over alle tiltak i prioritert rekkefølgje følgjer som eige vedlegg. Bak i planen ligg det dessutan eit oversyn over andre registrerte kulturminne som er viktige, men som ikkje særskilt vert omtalte i teksten.

Kapittel 2 Verkemiddel

Korleis tek me vare på kulturminna?

For mange kan ordet «vern» ha ein negativ klang og vera forbunde med avgrensingar og økonomiske forpliktingar. Nokre kulturminne krev også at samfunnet tek grep og gjer vedtak som ikkje alle er einige i. Då er det viktig å halda fast ved at kulturminne er verdiar som skal forvaltast på vegne av fellesskapen og for framtidige generasjonar Men det er likevel slik at nyskaping og vern er to ytterpunkt som kan spela på lag. Korleis kan det gjerast?
Vernearbeidet gir i røynda mange val og det er fleire verkemiddel å velja mellom. Hovudsaka er å finna dei gode løysingane for kvart einskilde kulturminne og bruka verkemidla kreativt og formålstenleg.

Verkemidla som er tilgjengelege kan delast i fire kategoriar: a) lovverk, b)stortingsmeldingar og planverk, c) økonomiske støtteordningar og d) formidling og tilretteleggjing.

LOVVERK

Det er i hovudsak to lover som vert nytta for å ta vare på spesielt verdifulle kulturminne, Kulturminnelova og Plan og bygningslova.

Kulturminnelova

§1 Formål

Kulturminna og kulturmiljøa med deira eigenart og variasjon skal vernast både som del av vår kulturarv og identitet, og som ledd i ei heilskapleg miljø- og ressursforvalting.

Det finst eigne forskrifter som skisserer ansvar og til kvar enkelt av instansane. Alle kulturminne som er eldre enn 1537, og ståande byggverk som er frå før 1650, er automatisk freda gjennom Kulturminnelova. Dette betyr at dei er freda i kraft av alder, og er underlagde lovas vern mot øydeleggjing. Lova opnar også for at nyare tids kulturminne kan fredast gjennom einskildvedtak.

Vurdering og verdsetting av kulturminne kan vera vanskeleg. Riksantikvaren deler kulturminne inn i tre verdinivå, nasjonal-, regional- og lokal verdi. Verdiane vert knytte til omgrep som kunnskap, oppleving, identitet, estetikk og bruk. I tillegg vert andre vesentlege eigenskaper ved det einskilde kulturminnet vektlagt. Det kan dreia seg om alder, autentisitet, representativitet eller noko som er sjeldsynt. I Øygarden finst kulturminne som kan tilskrivast lokal og regional verdi.

I vedtak om freding er det gjerne spesifisert korleis bygninga (kulturminnet) skal takast vare på. I prinsippet skal vedlikehaldet så langt mogleg ivareta opphavlege materiale og detaljar. Desse krava kan gjera det vanskeleg, utfordrande, dyrt og tidkrevjande å vedlikehalda freda bygningar. Det krev bygningsantikvarisk og teknisk kunnskap og tilgang til dei rette materiala. Ein må kontinuerleg vera i dialog med offentlege instansar om tiltaka som vert utførte. Freding kan medføra at bygningar vanskeleg let seg oppgradera i tråd med endra bruksbehov, og kan derfor bli ståande ubrukte eller tomme for liv.

Kommunalt vern vil oftast vera basert på ein kortare og meir generell vernetekst og med færre restriksjonar enn eit fredningsvedtak. Dermed vil eigar truleg oppleva større rom for endring, både økonomisk og teknisk. Friare val av materiale og byggjeteknikk kan både gi lågare kostnadar og større rom for tilpassing til endra bruksbehov.

Kommunalt vern legg eit visst press på eigar til å bevara bygninga, samtidig som vernestatus signaliserer at eigar rår over noko som også er verdifullt for andre. Vernet opnar for økonomisk støtte, og ein viss fridom til oppgradering i tråd med endra behov. I tillegg kan vedtaksnivået for ulike vernetypar ha verdi. Kommunalt vern vert avgjort lokalt og gir større rom for deltaking og sterkare eigarskap til avgjerdene enn det som er tilfelle ved freding, som vert vedteken på nasjonalt nivå.

Dei nasjonale måla for kulturminnevernet vert kvart år utgreidde i proposisjon til Stortinget. Det er eit nasjonalt mål at kommunane skal ha kunnskap om og oversikt over verneverdige kulturminner.

12. juni 2015 vart nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging offentleggjorde. I desse står det at kommunane har hovudansvaret for å identifisera, verdisetja og forvalta verneverdige kulturminne i tråd med nasjonale mål. Ein kulturminneplan for Øygarden vil gje politikarane eit grunnlag for å forma heilskaplege og langsiktige målsetjingar for kulturminne i kommunen.

Hordaland fylkeskommune har vedteke Regional kulturplan 2015-2025, *Premiss kultur*. Denne planen legg mellom anna rammer og mål for ivaretaking av kulturminne som ressurs i

fylket. Her finn ein tema som arkeologi, kystkultur, kulturarven i landbruket, fartøy, krigsminne, og også kulturminne frå etterkrigstida. Alle desse temaa er aktuelle også for oss i Øygarden.
Andre statlege rapportar og stortingsmeldingar som får konsekvensar for kulturminneplanen er:

- NOU 2002: 1 Fortid former framtid. Utfordringer i en ny kulturminnepolitikk
- Stortingsmelding nr. 16 (2004-2005) Leve med kulturminner
- Stortingsmelding nr. 26 (2004-2007) Regjeringens miljøpolitikk og rikets miljøtilstand
- Stortingsmelding nr. 35 (2012-2013) Framtid med fotfeste

Planlegging etter plan- og bygningslova skal visa gjeldande og framtidig utnytting av areal i eit område og sikra både bruk og vern av areal. Lova er den viktigaste reiskapen for ivaretaking av kulturminne- og kulturmiljø-mangfaldet. Som planansvarleg har kommunen ei sentral rolle i forvaltninga av kulturarven. Kommunen kan, ved bruk av plan- og bygningslova, sikra vern av kulturminne på kommuneplannivå (jf. § 11-8) og på reguleringsplannivå (jf. § 12-6).

Omsynsonene for kulturminne, kulturmiljø og kulturlandskap er definerte i kommuneplanen. Føremålet med kartfestinga av automatisk freda kulturminne i arealdelen, er å hindra at desse vert skada eller øydelagde i samband med fysiske tiltak.

Omsyn for kulturmiljø. Heimel: Pbl § 11-8 c)

Når det gjeld denne omsynssona (heimel Pbl § 11-8c), seier me i kommuneplanen at ved planlegging eller prosjektering av nye tiltak i desse områda, skal eksisterande kulturminne og kulturmiljø omsynstakast. Ivaretaking av eksisterande kulturmiljø skal vektast tungt og planlagde tiltak må fremja vern av kulturminne og/eller kulturmiljøa.
Nye tiltak skal lokaliserast og utformast med god estetisk kvalitet, slik at bevaringsverdige bygningar og bygningsmiljø ikkje vert skadelidande. Der eit kulturminne har lokal arkitektonisk verdi, skal det søkast innarbeidd i prosjektet si hovudramme, som eit estetisk identitetsskapande element. Følgjande område står i planen:

- Hernar
- Sprengsneset
- Hjelmevågen
- Hjelme nye kyrkje
- Nordre Selsvågen
- Kylleren, Alvheim
- Herdlevær
- Blomestø
- Blomvåg kyrkje
- Selstø
- Vestresjøen, Rong
- Austresjøen, Rong
- Toftevågen

Kart: Sjå vedlegg

Bevaring av eksisterande bygningar og anna kulturmiljø. (Heimel Pbl. § 11-9 nr.7)

a) Nye tiltak
Alle tiltak som råkar eit kulturminne, skal utformast på ein måte som støttar opp om omsynet til kulturminnet. Tiltaket skal ha gode visuelle kvalitetar både i seg sjølv og når det gjeld funksjon, og til bygde og naturlege omgjevnader og plassering av tiltaket.

b) Kulturminne
I bygningar eldre enn 1900, er det ikkje tillete å skifta ut originale vindauga, dersom ikkje kulturminnestyresmaktenes vurdering er at det er uråd å gjennomføra ei restaurering.

c) Kyrkjebygg
Både Hjelme gamle kyrkje og Blomvåg kyrkje er listeførte kyrkjer. Utan løyve frå biskopen er det forbode å byggja nærare kyrkja enn 60 meter, etter kyrkjelovas § 21 femte ledd. Saker som gjeld
Blomvåg kyrkje, skal til Riksantikvaren for rådgjeving før kyrkjeleg styresmakt kan fatta vedtak etter kyrkjelova.

I tillegg har planen ei omsynsone knytt til landbruk (heimel: Pbl § 11-8 c)
Desse områda skal prioriterast i eit langsiktig perspektiv, og oppstykking av jord og/eller tap av kulturlandskapet skal unngåast. I størst mogleg grad bør bygningsmasse og kulturlandskap takast vare på og utviklast med omsyn til tradisjonell byggjeskikk. Landbruksinteressene skal vega tungt ved søknad om tiltak i følgjande område:

Lyngøy
Nordre Sele
Hjelme med Hopøy
Hatten med utmark
Stura
Skjold
Tjeldstø med utmark
Alvheim
Straumøy
Oen
Breivik
Harkestad - Eide
Herdlevær med utmark
Dale
Søre Sele med utmark
Rong
Torsteinsvik
Toft og Vik
Kart: Sjå vedlegg

Kommuneplanen seier at ved all type utbygging skal det takast omsyn til kommunen sitt særeigne natur- og kulturlandskap. Det gjeld tilpassing i terreng, utforming av bygg, fargebruk og materialval. Planen viser til kommunens estetiske retningsliner.

Kommunen har hovudansvar for å identifisera, verdsetja og forvalta verneverdige kulturminne i tråd med nasjonale mål og forventningar. I dette ligg det ansvar for datahenting og tilrettelegging for registreringsarbeidet. Det handlar både om fysiske kulturminne og kulturmiljø, men også om immateriell kulturarv.
Det nasjonale registeret *Askeladden* har oversikt over alle kjende og automatisk freda kulturminne i landet. Desse blir kartfesta i det digitale kartverket i kommunen og skal nyttast ved sakshandsaming. Askeladden inneheld data om freda kulturminne og kulturmiljø, eller som krev vidare undersøking før fredningsstatus kan fastsetjast. Vidare finst nyare tids freda kulturminne, mellombels freda, verna etter plan- og bygningsloven eller definerte som verneverdige. Med 'nyare tids kulturminne' meiner ein etter-reformatoriske (etter 1537)bygg, anlegg og kyrkjer. SEFRAK-registerte bygg er ikkje lagde inn i Askeladden.

Organisering og medverknad

Ei administrativ, tverrfagleg arbeidsgruppe har koordinert og gjennomført planprosessen. Denne gruppa består av kulturleiar, planleggjar/sakshandsamar ved Teknisk plan og forvaltning, skribent frå Sogelaget i Øygarden og leiar ved Kystmuseet.

Arbeidsgruppa på Rådhuset i Øygarden; Magne Blom, Bjørg Christophersen, Christel Møvik-Olsen, Anne Berit Birkeland.

I prosessarbeidet er det etablert eit breitt nettverk av innbyggjarar. Nettverket har vore utgangspunkt for dialogsamlingar, der målsetjinga er å arbeida fram felles forståing for ein kulturminneplan som også har fokus på nyskaping i samspel med vern. Nettverket har vore aktiv medspelar i prosessarbeidet med kulturminneplanen.

Det kan by på problem å samla inn dokumentasjon og få oversikt over kva kulturminne som er verde å ta vare på. Dei fleste av desse er i privat eige. Kulturminneeigarane må uttrykkja interesse for vern før det er aktuelt med tiltak frå kommunen si side. Det ligg ofte økonomiske begrensningar i restaurering og vedlikehald. Skal resultatet bli godt, lyt det kanskje tilførast kompetanse når det gjeld rehabilitering. Vern og bruk skal skje i samråd med motiverte grunneigarar. Dette må vera avklart før kulturminne kjem på handlingsplanen.

Når kulturminne og kulturmiljø er sett på dagsorden, kan kommunedelplanen medverka til å styrka identiteten knytt til det å vera busett ved kysten. Innbyggjarane i Øygarden kan gjennom hendingar knytte til kulturminne, styrka medvitet om bygda si eiga historie og utvikling. Det er god grunn til at tru at kjensla av å høyra til, identitet, sjølvkjensle og eige ansvar for kulturminne, slik kan verta styrka. Alle kommunale einingar, kultur- og skulesektor, og særleg Kystmuseet i Ovågen, gjennom bruk i undervisning og opplevingar vil kunna bruka kulturminneplanen og kulturminna aktivt.

Formidling og tilrettelegging

Kulturminneplanen set eit særskilt søkelys på formidling og tilrettelegging. Dette er ein føresetnad for å lukkast med og skapa begeistring for kulturminnearbeidet. Auka kunnskap og medvit vil vonaleg medverka til at fleire ser verdien av å ta vare på kulturminna. Det er sjølvsagt fleire måtar å formidla og leggje til rette på. Siktemålet må vera å velja dei rette historiane og formidla dei til ulike målgrupper på ein fengande måte.

Kapittel 3 Kulturminne frå eldre tider

Kyststripa som Øygarden er del av, er ei samanhengande rekkje med store og mindre øyar, frå Bømlo i sør til Fedje i nord. Ser ein ned på Øygarden frå lufta, ligg øyane som eit vern mot havet: ein gard (ei vakt, eit gjerde) av øyar. Dei ligg ytst mot havet og vernar landet innanfor mot direkte kontakt med det store havet i vest. I denne samanhengen gjev det god meining for oss som bur attom steingardar, også å tala om «øygarden».
No veit me at store delar av kyststripa i Noreg var isfri meir enn 4000 år før siste istida tok slutt (for om lag 15000 år sidan). Ulike funn har synt at øyrekkja var ein del av denne isfrie kyststripa og at det kanskje også kom menneske til denne delen av landet svært tidleg. Kartet under syner tre innvandringsvegar som me i dag ser på som sannsynlege. Blomvåg er ein av få stader i det isdekka Skandinavia som er merka av på dette kartet. Grunnen er at det er gjort funn som medverkar til å underbyggja at det har levd folk i Noreg lenge før istida tok slutt.

Dei tre innvandringsvegane til Norge ved slutten av istida. Bildet viser tilhøvet mellom land, hav og is heilt på slutten av istida. Landskapsmodell fra Påsse og Andersson 2005, og Sveriges geologiske undersøkelser (SGU). Ruta fra Doggerland er den minst sannsynlege. Illustrasjon fra Nordark.

Det er geologiske tilhøve med skarpskorne sund og dalar med markerte brot som karakteriserer landskapet i Øygarden. To brotretningar dominerer. Den eldste er sunda som går frå Hjeltefjorden mellom dei relativt store øyene (Toftøyna, Rongøyna, Blomøyna, Oøyna, Alvøyna, Seløyna) og ut i havet. Den andre brotretninga går langs kysten, langs Hjeltefjorden og dannar dalar, kløfter og sund som stort sett går i nord-nordvestleg retning. Det er lett å tenkja seg korleis tilhøva må ha vore her då havet etter istida stod fleire meter høgare enn i dag (opp til 30 meter like etter istida). Talet på øyar var mangedobla. Mellom øyane gjekk eit utal av sund og straumar; eit eldorado for fangst og fiske, noko dei rike arkeologiske funna frå denne tida kan vitna om.

Flyfoto av Øygarden frå Rong og nordetter. Her ser vi tydeleg dei store sprekksonene, sunda mellom øyene frå Hjeltefjorden og ut i havet og sprekksonene som går på langs i nord-sør-retning parallelt med Hjeltefjorden.

Det er truleg at landskapet i Øygarden, slik dette er danna med mange sprekksoner, har nær samanheng med danninga av Nordsjøbassenget og opphavet til oljeførekomstane der. Oljealderen me opplever i Øygarden i dag, har slektskap med den geologien me ser rundt oss her. Grunnlaget for sunda og dalane er jordskjelv som kan stamma heilt frå den geologiske perioden me kallar devontida, like etter fjellkjededanninga. Føresetnaden for olje- og gassforekomsten under Nordsjøen og Norskehavet stammar frå den same geologiske perioden.
Devontida var ein periode i jordas oldtid. Den byrja for 416 millionar år sidan og slutta for 359,2 millionar år sidan. I denne tida vart geologiske føresetnader for «oljebrønnane» danna. Desse vart fylte opp med organisk materiale i den seinare geologiske Juraperioden.

Lyngheiene og torvmyrene

Bilete er frå Lyngøy og syner lyngmarka slik den er no. Til høgre ser ein merke ettter torvtaking, men det er ikkje spadd så mykje av at det er blitt vassoppsamling. Lanskapet på Lyngøy er mindre merka av torvtaking enn mange andre stader i Øygarden. Foto Christel Møvik-Olsen

I landsskapet elles er det lyngheiene og torvmyrene som har dominert. Der lyng og brake veks, er jordsmonnet for det meste skrint. Likevel var dette viktig beiteareal i det eldre jordbruket.
Landsskapet var tidleg dekt av skog. Avskoging gjekk føre seg parallelt med busetjing i yngre steinalder. Skogen vart systematisk brent ned samstundes med busetjing og etablering av jordbruk (svedjebruk). Analyse av jordsmonnet i myrene har resultat som tyder på dette. Utmarksareala vart systematisk hegna om slik at veksten alltid var tilpassa beitedyra. Dette gjorde ein ved å svi av lyngheiene og myrene i utmarka med jamne mellomrom, slik at vekstane ikkje skulle bli for høge og dermed mindre attraktive som beitefôr. Etter ein brann spirte lyngen på nytt. Lyngspirene var godt fôr som dyra sette pris på gjennom heile året. Forskarar har funne at lyngplanten ikkje tok skade av denne brenninga, og at brannen heller var ein fordel både for frøa og lyngplanten.
Lyngbrenninga gjekk elles føre seg i ei tid på året når det var minst fare for at den skrinne jorda skulle ta fyr. Best var det om det var berrfrost, slik at jorda var verna mot brann.

Lyngbrenning i Øygarden. Det var høg kunnskap om korleis dette skulle gjerast slik at ein hadde kontroll på brannen og ikkje gjorde skade. Foto Hans Kristian Bukholm.

Alle dei relativt små og store myrene er skapte gjennom tusenvis av år av halvvegs nedbrotne (døde) tre og planterestar. Slikt ufullstendig nedbrote plantemateriale vert kalla torv. Myrene har vore nytta til beite og til bøar for gras- og lyngproduksjon. På innmarka er det ofte myrene som vart overflatedyrka og gav gode grasavlingar. Gjennom alle åra med fast busetnad, heilt fram til 1950-talet, har menneske spadd opp mengder av torv i utmarksmyrene, og nytta den til brensel, strø under dyra (mold) når dei var inne i hus. Bruken av torv til isolasjon og ymse taktekking er også velkjend. Ved denne verksemda vart også landsskapet lokalt i stor mon endra. Mange myrer kan vera spadde ned fleire mannshøgder gjennom åra dei har vore i bruk.

Graset og lyngen på myrene i utmarka og på øyar elles, vart også slått og nytta til vinterfôr. Lengst heldt denne skikken seg i år med lite tilgang på fôr frå innmarka. I vårknipa var det heilt til ut på 1950-talet vanleg å slå gras og lyng på myrene i utmarka, og frakta det heim som fôr til dyr som stod på bås.

Dei rydda bøane

På dei største øyane vart det tidleg etablert gardsbruk. Bruka fekk etter kvart bøar til grasproduksjon og åkrar på innmarka. Omkringliggjande utmarksareal vart brukte til beite, lyngproduksjon, torvtaking, med meir. Bustadhus, uthus, løer og florar vart bygde rundt eit felles tun; ein 'gard' ein stad på innmarka. Andre hus, med ulike funksjonar, som torvhus (moldhus), skjeneflorar, høyløer, hønsehus m.m., vart sette opp der det høvde, både på innmark og utmark.

Korleis dette har gått føre seg, er i dag vanskeleg å ha noko sikker meining om. Det me i dag

kallar *matrikkelgard*, med eige gardsnummer, er etablert i visse område på øyane, oftast med fleire matrikkelgardar på kvar øy.

Potetkjellar på Harkestad, gnr.51 bnr 4. Foto Øygarden kommune 2018



GARDSNR	NAMN
1	Skjold
2	Stura
3	Hatten
4	Hovden
5	Nordvik
6	Nautnes
7	Nordre Sæle
8	Hjelme
9	Hellesund
10	Lyngøy
11	Hernar
12	Sanden
13	Nordøysund
34	Vik
35	Toft
36	Torsteinsvik (Store)
37	Torsteinsvik (Litle)
38	Rong
39	Søre Sæle
40	Blom
41	Blomvågnes
42	Dale
43	Ovågen
44	Nålurda
45	Breivik
46	Herdlevær
47	Heggholmen
48	Heggøy
49	Dåvøy
50	Eide
51	Harkestad
52	Tjeldstø
53	Alvheim
54	Naustdal

Utmarka tilhøyrande ein matrikkelgard ligg ofte nær inntil innmarka, men også på andre øyar rundt den aktuelle hovudøya, høyrde det gjerne til utmark. Det vil seia at kvar øy, stor eller lita, på havsida eller fjordsida, høyrer til under ein matrikkelgard på dei største øyane, der innmarka er lokalisert. Dette var gamle ordningar, som også har hatt betydning for kvar ein kunne driva fangst og fiske. Lakserettar og kasteplassar tilhøyrande ein matrikkelgard, var alltid knytte til strandsoner og holmar og skjer som høyrde til den aktuelle matrikkelgarden. Nokre stadnamn minner kanskje om at det har vore usemje om ein slik type «okkupasjon» og at den har skapt strid. Mellom Toftøyna og Askøyna i Hjeltefjorden ligg nokre mindre øyer med namnet «Store og småe Tretteøyna» (der 'trette' er eit eldre ord for *krangel*). Det finst forteljingar som forklarer korleis slike namn kom til, - til dømes strid om øyane mellom folk (og troll) på Toftøyna og Askøyna. Fleire stader i kommunen heiter det «Stridsholmen», utan at me kjenner noko presis bakgrunn for namnet.
Utviklinga av jordbruket på øyane har utan tvil hatt samanheng med busetnad. Funn i Øygarden kan tyda på at folk hadde tamme dyr alt for 4500 år sidan, då dei budde i hellerar, det vil seia i det me til vanleg kallar steinalderbustader. Utviklinga fram til meir stasjonære bustadhus, der ein har nytta ulike byggjemateriale, kan ha teke lang tid. Det har gått gradvis føre seg, med mellomløysingar, der ein til dømes utnytta helleren til enkle byggverk (gapahuk). Referansen kan her vera funna i Karidalen på Toftøyna.
Auka bruk av jorda til åkerbruk og grasdyrking kan ha vore drivkrafta til å oppføra eigne bustadhus knytte til området som vart dyrka opp til åker.

Steingardar

Frå gammalt er det blitt laga skilje mellom dei ulike matrikkelgardane, slik som Vik og Toft, Sele og Blom, Tjeldstø og Sture osv. Grensene følgjer naturlege skilje, som brot og dalar, vågar, bekkefar og vatn. Grensene mellom matrikkelgardane er så markerte av steingardar, bygde fordi det var naudsynt å hindra at beitande dyr kryssa grensene.

Steingard med plass til le/grind mot utmarka i Utnesdalen på gnr 8 bnr. 9 like opp for Sundekylpa i Hellesundet. Foto Øygarden kommune 2019.

På kvar matrikkelgard er det laga steingardar mellom innmark og utmark. Naturlege stengsel i naturen er også utnytta, men steingardar vart bygde der det var naudsynt. Stengsla og steingardane er laga for å halda dyr borte frå åker og eng i vekstsesongen for gras, korn, poteter og grønsaker.
Dei nyaste steingardane finn me mellom dei ulike bruka på ein matrikkelgard. Steingardane er laga etter utskifting av innmarka, det vil seia etter 1850 og framover til vår tid.

Steingard mellom gnr/bnr 40/1 og gnr/bnr 40/3. Foto Øygarden kommune 2017

Frå Kulturhistorisk vegbok, Rutedel: ØYGARDEN kommune har Hjelme kommune som utgangspunkt i nord. Hjelme vart skild frå Manger i 1910. Går me lenger bakover, til skattemanntalet av 1647, ser me at heile Øygarden – det området som ligg nord for Sotra - høyrde til *Herdla skipreide*, saman med Askøyna og Holsnøyna. I mellomalderen, i den skipreide-inndelinga som byggjer på Magnus Lagabøtes testamente frå 1277, høyrde Hjelme til Ra*ƒ*skipreide (Radøy), medan øyane lenger sør låg under Herdla. Frå 1964 vart Hjelme kommune slått saman med desse øyane, dvs. den ytste delen av Herdla kommune. Nord-sør delinga av den lange Øygardskommunen går såleis tilbake heilt til mellomalderen. Det er lett å forstå at det må vera slik. Når det var fjorden som var ferdsle vegen, var øyane i vest, med utværet Herdlevær, næraste grannane til kongsgarden på Herdla.
I Øygarden er grensa mellom tidlegare Herdla og Hjelme kommune markert med eit steingjerde som går frå Vestre Sturevågen over Alvøyna i aust, til Storavatnet i vest, og følgjer grensa mellom matrikkelgardane Tjeldstø (gards nr. 52) og Alvheim (gards nr. 53) på sørsida, som høyrde til Herdla og Sture (gards nr. 2), Skjold (gards nr. 3), og Hovden (gards nr. 4) på nordsida, som alle høyrde til Hjelme sokn. Denne grensa har ein viss historisk sus, sidan den i si tid markerte skiljet mellom to gamle skipreier: på nordsida Radøy skipreie og på sørsida Herdla skipreie. Ordninga av landet i skipreier har røter langt attende i tida og var oppretta i samband med det gamle forsvaret av landet i tidleg mellomalder.

Steingarden som også markerte skiljet mellom Herdla kommune og Hjelma kommune på Alvøyna. Dvs. mellom gnr. 1 bnr. 2 på Skjold og gnr. 52 bnr. 9 på Tjeldstø. Denne steingarden var bygd samanhengande frå fjordsida i aust og heilt vest til Storavatnet i vest. Aust for Alvøyvegen vart steingarden teken bort, i samband med etableringa av terminalen på Stura. Foto Øygarden kommune 2019.

Steingardane er mura på ulikt vis etter kva funksjon dei hadde. Dei eldste, mellom matrikkelgardane og mellom innmark og utmark, framstår i dag som meir enkle, men har kanskje bakgrunn i mureteknikkar som i dag ikkje vert nytta. Dei nyaste steingardane mellom dei ulike bruka på innmarka, er ofte vel fråseggjorde, med to rette sider og med mindre steinar som fyll i midten.
Kulturlandsskapet som her er skildra, er no i ferd med å bli gøymt under vekstar som gror over bergknausane og skjuler dei. Skogplanting saman med verknadane av mindre beiting og brenning, gjer at lynglandskapet mange stader er i ferd med å gro att og forsvinna. Etter at ein tok til å planta sitkagran på 1950-talet, er skogen fleire stader blitt massiv og tett. Dette treslaget trivest godt ved kysten og toler vind og salt, og spreier seg no ved sjølvfrøing. Sitkagrana ruvar i det låge landskapet. Treet kjem opprinneleg frå vestsida av Nord Amerika, og kan der bli 90 til 100 meter høgt.

Bilete er frå Herdlevær gnr/bnr 46/11. Foto Egil Sæle 2012.

Arkeologiske kulturminne (fornminne)

Det er påvist stor rikdom av forminne i Øygarden, gravrøyser, bautasteinar, hustufter, nausttufter, båtoppdrag, helleristningar, skålgroper, steinalder- og bronsealderlokalitetar og svært mange lausfunn frå ulike periodar.
Få kommunar på Vestlandet har så mange registrerte fornminne frå steinalderen som vår. Det finst mange hustufter og båtoppdrag knytte til fisket i jernalder og mellomalder. Desse fornminna er ei einestående kjelde til kunnskap om livet til menneska i Øygarden, og skal ivaretakast gjennom bygdebokprosjektet i Øygarden.
Det er gjort fleire velkjende arkeologiske funn, til dømes Kjerringholet, ei lita steinhole som ligg om lag ni meter over flomålet, like ved Selstø, på gardsnr, 40/11 og 2.

Bilete er frå Tueneset (Søre Selstø) gnr/bnr 40/11 og er teke 30. august 1930, i samband med den arkeologiske utgravinga av "Kjerringholet". Fotograf er arkeolog Kristen Lindøe. Ein ser at det er utgrave masse utanfor opninga av hola. Foto Kystmuseet i Øygarden.

Funn frå Kjerringholet kan tyda på at hola var i bruk alt i steinalderen. Klare spor etter opphald av menneske har me frå jernalderen, mellomalderen og nyare tid.
Einskilde gjenstandar av flint og kvarts kan vera frå steinalderen. Skar av leirkar forma som spann, er sikre funn frå eldre jernalder. I tillegg fann arkeologane bitar av grov keramikk som kan vera frå same perioden. Frå yngre jernalder og mellomalderen er det funne ei bakstehelle og fragment av eit kleberkar. I kulturlaga låg det i tillegg eit bryne, handsama beinstykke og ymse stykke av jern, mellom anna ein jernkrok. Desse kan likevel berre generelt daterast til yngre jernalder eller mellomalderen. Frå nyare tid er det funne ein dansk sølvskilling frå byrjinga av 1800-talet. Like framfor helleren låg det ein banke med skal frå skjel og andre blautdyr, m.a. østers, blåskjel, olbogesnigel og strandsniglar.
Funna frå Kjerringholet tyder på at helleren berre vart brukt i korte periodar om gongen, sjølv om opphalda var lange nok til at dei både åt der og reparerte reiskapar. Dei som brukte helleren, nytta heilt sikkert dei rike plassane for fangst og fiske på yttersida av Øygarden.
Det er gjort fleire funn som fortel mykje om livsførsel for om lag 4500 år sidan, og korleis jordbruket har utvikla seg i Hordaland.
Rongelofthillaren (gnr 38 bnr 5) sør i utmarka på Rong, er eit lite helleroverheng med ei stor samling av bein som gir oss eit sjeldant breitt innblikk i steinalderkulturen. Alt no kan me lese av beinmaterialet at ein har nytta dei gode fiskeplassane i området og sanka skjell og sniglar i fjøra og på grunnane. Andre delar av funna frå hellaren gir peik om at ei ny tid er i emning. Flintøksa som vart funnen, viser kontakt med kulturar i Sør-Skandinavia, der jordbruk og fehald for lengst var ein del av livberginga. Med så gode tilhøve for bevaring av bein er det

god von om at ei nærare gransking av buplassen og materialet der kan gje eit av dei tidlegaste direkte prova på tamdyrhald i fylket.
Litt vest for Rongelofthillaren, i Hestdalen, like ved Hesthaugen heilt sør på Rong, vart det i 1907 funne ein dolk av brun flint. Under torvtaking på same staden i 1941 fann ein delar av eit vikingskip, mellom anna av årer og ein mastefisk; sjå biletet under frå Tuneskipet. Funnet vart ikkje undersøkt vidare før i 1945. Fagfolk med kunnskap om båtar frå vikingtida (mellom andre Bernhard Færøyvik) meinte at dette kunne vera ei «karve», som var eit krigsskip eller høvdingskip. Færøyvik meinte skipet kunne ha vore 13,5 m langt og 2,8 m breitt, og at skipet var intensjonelt øydelagt før det vart kasta i myra.

Bildet er frå Vikingskipsmuseet på Bygdøy og viser mastefisken til Tuneskipet. Mastefisken (der masta vart festa mot bunnen av båten) dei fann i Hestdalen, var av om lag av same storleik som i Tuneskipet.

Både Rongelofthillaren og Hestdalen bør undersøkjast nøyare. Begge funna - og stadnamna i området (Lofthillaren, Hesthaugen og Gassen) – saman med teorien om at skipet var øydelagt før det vart plassert i myra, kan gi oss assosiasjonar om at det kan vera tale om spor til gamal religiøs tru og kult, og historiske hendingar i vikingtida.

Det mest omtalte funnet i forskingssamanheng er utan tvil Blomvågfunnet. Det vart oppdaga og undersøkt i 1941, då det skulle opparbeidast gravplass ved Blomvåg kyrkje. Fleire meiner at funnet kan vera det første prov på menneskeleg aktivitet i Noreg etter istida (for 15000 år sidan). Men det er også fagleg strid om dette funnet sidan dei direkte spora etter menneske manglar.

Bilete er frå opparbeidinga av den første gravplassen ved Blomvåg kyrkje i 1941 og som avdekka det som har blitt kalla Blomvågfunnet. Ein ser også Stridsholmen i Blomvågen og vidare sørover Straumane mot Rongøyna. Langs vegen står det stabbesteinar som skal hindra at folk og køyrande skal fara utfor. Slike stabbesteinar står det framleis langs vegen frå kyrkja i Blomvåg og ned til den tidlegare handelsstaden Berget. Foto Kystmuseet i Øygarden.

I samband med oppbygginga av olje- og gassanlegga i Øygarden har det i dei siste 30 åra vore gjort grundige arkeologiske undersøkingar fleire stadar i kommunen. Dei fleste av funna er buplassar og aktivitetsområde frå steinalderen. Då trasèen for den nye Øygardsvegen vart bestemt over Toftøyna og Rong, vart det gjort utgravingar og mange funn. Det er laga rapportar frå alle desse utgravingane. Det er desse som har gjort Øygarden til den største «steinalderkommunen» i Hordaland.

Desse figurane, ein vakker fugl av kleberstein og ein liten kvalfigur, fann arkeologane då dei opna to steinalderbuplassar, 6–7000 år gamle, på Tjeldstø. Foto Kystmuseet i Øygarden

Gjennom dei arkeologiske granskingane som Universitetet i Bergen gjennomførte på Hjartøy like vest for Alvheim, der røyrleidninga frå Oseberg skulle førast i land, vart det gjort fleire interessante funn. Ved to små vågar heilt vest på Hjartøyna vart det funne 36 hustufter og ni båtstøer – såkalla fjæremannsbuer. Det har truleg vore låge bygg av tre på 15-25 m2. Desse fjæremannsbuane vart nytta til sesongfangst og fiske. Funn tyder på at det har vore aktivitet her frå 300-talet og fram til omkring år 1000 (e. Kr), med særleg høg aktivitet på 700-talet (Jamfør rorbuene i Lofoten).



Illustrasjonen visar grindbygg slik ein ser for seg at dei tidligare fjærmemannshusa såg ut.



Såleis er det lett å stilla seg spørsmålet: kor mange fleire slike stadar er det i Øygarden og kva har dei å fortelja oss om liv og aktivitet i tidlegare tider?
Å gje oss sjølve og kommande generasjonar kunnskap om samfunna der fornminna har sine utspring, vil medverka til å styrka forståinga av dei som verdi for samfunnet. God formidling av slik kunnskap er eit tiltak i seg sjølv. Fornminna gir oss kunnskap om ulike måtar som livet kan levast på, samstundes som dei uttrykkjer noko stabilt og varig i eit elles raskt skiftande, moderne samfunn. Menneskesamfunn no kan ikkje tenkjast uavhengig av dei tidlegare, men samanhengen er ofte usynleg for oss. Å avdekka og tolka teikna frå fortida er ein del av det å vera menneske. Fornminna er ikkje noko berre samtida eig. Også kommande generasjonar treng dei for å skapa identitet. Det er òg grunn til å tru, ut frå røynsler me alt har, at det i framtida ligg teoriar og teknologi som kan gje ny kunnskap og djupare innsikt i fortida.

Dei raude merka på kartet markerer ein del av funna. Gjennom registreringsarbeidet er det lokalisert 91 buplassar som er meir enn 4000 år gamle. Som ein ser av kartet, er dei fleste funna gjorde der olje- og gassinstallasjonane er bygde, og i traséen til nye deler av Øygardsvegen. At det så å seia ikkje er markert funn utanfor desse stadane, fortel berre at det ikkje har vore gjort utgravingar der.

Undervatn-arkeologi

Funn, utgravingar og registreringar i Øygardslandsskapet har gjeve oss kunnskap og litt innsyn i delar av livet menneske har levd her før oss. Det er grunn til å tru at i det sjøen som omsluttar heile kommunen, også ligg tilfang som vil medverka til å forstå historia på ein meir utfyllande måte.
Truleg veit me alt noko om dei fleste større forlisa. Mange skipsvrak i kommunen sitt område er registrerte og avmerka på kart. I artiklar i Havstrilen er det fortalt om nokre av forlisa, men det er ei målsetjing å laga ei grundigare registrering av desse kulturminna.
Ved dei gamle handelshusa har det i hundreår vore stor sjøtilknytta aktivitet. I sjøen rundt desse plassane har ein teke opp gjenstandar som er kasta eller mista på sjøen. Mange amatørdykkarar har gjort funn på slike stadar og det kunne vore interessant å registrera det som er funne og eventuelt medverka til at det vart gjort fleire undersøkingar i aktuelle område. Det bør vera mogleg å få til samarbeid med dykkarklubbar som kan vera interesserte i å sjå nærare på ulike lokalitetar.

Målsetting og tiltak

Målsetting:	Formidling av Øygarden si eldste busetjingshistorie
Tiltak:	Utarbeida ei heilskapleg oversikt over arkeologiske funn – og ekstern fagleg hjelp bør innhentast. Gjennomføra rydding og skilting av utvalde fornminne i samarbeid med fylkeskommunen.

Kapittel 4 Kystkultur

Sjøbruksmiljø. Kystkultur og fiske

Det som meir enn noko anna sermerkjer Øygarden, er naustmiljøa eller støene som finst på alle øyane med fast busetnad. I hovudsak er det slik at minst eitt sjøbruksmiljø/naustmiljø er knytt til kvar matrikkelgard.

Bildet er frå Tjeldstø. I Øygarden har me svært mange vakre gamle støer som dagleg er i bruk i samband med ferdsel på sjøen.

I støene er det naust og sjøbuer med ulike funksjonar. Dei store nausta gav fyrst og fremst plass til båtar og båtutstyr, men òg til lagring av fiskereiskapar, tauverk og anna utgjorde mangfaldet av utstyr som vart nytta til fangst og fiske. Mange stadar hadde ein mindre sjøbuer som var utgangspunkt for det aktuelle fisket som gjekk føre seg og der det gjerne og var eit eige rom (bu) til lagring av meir verdifulle ting og utstyr. I støene kunne det òg vera torvhus og fjæremannshus eller bygg som hadde fleire funksjonar. Framfor dei store nausta er det til vanleg mura båtoppdrag (lunnar) og små bryggjer i naturstein. Nausta og sjøbuene er òg sette opp på kjer(kar) og murar av naturstein

Sjøbu på Selstø gnr/bnr 39/5 som står på kjer slik denne fremste bua gjer. Slike fundament ser me framleis mange stader under naust og sjøbuer i Øygarden. Foto Øygarden kommune 2017.

I nesten kvar stø var det også barkegruver som vart nytta ved barking (impregnering av garn, nøter og annan reiskap). Barkearbeidet vart ofte gjort i fellesskap og til faste tider i året. Det var vanleg at barkegruva, barkekara og barkebua var felles for ein matrikkelgard.

Bilete av barkegruva i Grunnesundet i Herdlevær. Kanskje er det samla og lagt inn brensel til neste barkeøkt. Foto Øygarden kommune 2018.

Nokre stader finn ein også sjøhus som har fungert som røykhus ved røyking av fisk. Det vart dessutan etablert små røykeri, der fiskarar kunne komma med fisk og sild og få dei røykte til seg sjølve eller for vidare sal.

Frå Alvheim. Desse sjøhusa husar mange ulike funksjonar, naust, sjøbu, røykeri, snekkeri m.m. Våningshuset midt på biletet inst i støa er frå Naustdalen, gnr/bnr 54/2. Foto Øygarden

kommune 2018.

Fangst med landnot gjekk føre seg i fellesskap, gjerne med eit notlag frå matrikkelgarden. Til denne verksemda var det vanleg å ha ei notbu, der nota vart lagra i den tida på året når den ikkje var i bruk. Etter bruk vart nota tørka på faste plassar, såkalla vabakkar, der nota vart lagd utover, slik at den tørka godt opp før lagring.

Bilete syner murane etter fellesnaustet til notlaget på Blom. Gnr/bnr 40/6 Grishella på Ulvøyna. Her stod båtane til notlaget når dei ikkje var i bruk. Foto Øygarden kommune 2019.

Notlaga hadde også «storebåtar», nytta i samband med notbruk og kasting. Slike båtar hadde eigne naust der dei vart sette inn i periodar når dei ikkje var i bruk. Mange stadar i kommunen finn ein fint opparbeidde murar i naturstein, som er restar av etter båthusa som grunneigarane eigde i fellesskap.

Foto frå Vik. Mellom nausta midt i biletet skimtar ein barkegruva som grunneigarane nytta i fellesskap. Foto Øygarden kommune 2018.

Til vanleg nytta ein faste kasteplassar eller kastevågar. Ei mann på vakt følgde med om det kom sild eller makrell som ein kunne fangsta. *Tempelen* på Skogsøya ute i Breiviksundet er eit godt døme på ein slik stad. Ymse andre stadar, til dømes ved Sturevågen, er framleis kjende utsiktpunkt. På dei faste kasteplassane laga ein ofte til murar, det vil seia stengsel i sjøen som letta arbeidet når fangsten skulle stengjast med nota. Slike anlegg finst framleis i Austevågen på Rong, i Breiviksundet ved Garden og Steinbåten i Ovågen.
I fleire støer (naustmiljø) i Øygarden finst ishus der ein lagra is gjennom året. Slik kunne ein ha is tilgjengeleg for å bruka på fisken og dermed bevara kvaliteten fram til konsum. Bruk av is var mest vanleg i samband med fangst av laks. I Herdlevær og på Nordre Sele står det framleis ishus frå denne tida.

Dette sjøhuset i Herdlevær gnr/bnr 46/8 har tre funksjonar; i bakkant torvhus, i midten ishus og ytst naust. Isen vart til vanleg henta frå vatn i området når desse fraus til om vinteren. Foto Øygarden kommune 2018.

I støene som hadde ishus, vart fisken levert inn frå større område. Seinare kom det eigne fiskemottak der ein også produserte is. Fiskarane kunne ta med seg is på feltet, og isa ned fisken like straks den var fangsta.
Kvar matrikkelgard hadde faste plassar der det vart fangsta laks. Dette vart brukt ståande nøter som skulle setjast på ein bestemt måte. Bruken av slike faste plassar gjekk på omgang mellom bruka på matrikkelgarden. På Søre Sele var det to lag, og det eine laget nytta lakseplassane i to år etter kvarandre, medan det andre laget nytta plassane i eitt år. Slik skifta det gjennom åra. Andre stadar var det liknande reglar som fordelte tilgangen på laksefiske på utvalde stader mellom eigarane av bruka.

Bautastein frå Hernar. Kvifor den vart reist, veit me ikkje heilt sikkert. Truleg kunne det vera minnesteinar, eller også til hjelp for navigasjon på sjøen. Foto Egil Sæle.

Fjæremannshusa og bautasteinane på Hernar står som minne frå delar av denne perioden. Bautasteinene på Hernar bør reises opp igjen og settas opp at slik dei truleg har stått over tusen år. Alf Sanden som vaks opp på Hernar, har fortalt at det stod fem steinar i ei oval form på enga. Tre av desse vart fjerna ein gong tidleg på 1900-talet. Alf Sanden peika på stader der steinane hadde vorte plasserte, i enga, ved skrenten og i hus muren. Bautaringen er unik i Vestlandssamanheng, den finnes sentralt og høgt på Hernar. Steinringen dokumenter at det har vært lov-utøvande myndighet på Hernar i Vikingtida.

Merke etter fjæremannshus har ein funne fleire stader i kommunen (Hjartøy, Heggholmen mfl.)

Dette er frå Selstø som ligg på austsida av Blomvågen. Gnr/bnr 40/11 med fleire. Kjerringholet som me fortel om i planen, ligg bak det store naustet til høgre på bilde. Inngangen til hellaren er no dekka av buskar og kratt. Foto Øygarden kommune 2018.

På dette biletet ser ein mest heile Selstø gnr 39 og 40. Bak til høgre ligg den gamle handelsstaden Berget, og Blomvåg kyrkje. Stridsholmen ligg midt i vågen og bak holmen ser ein Knarvik der ein skimtar den store saltebua. Bedehuset på Blomvågnes(Gardneset) frå 1931 ser me over inste enden av Stridsholmen.

Fleire stadar i kommunen vart det laga vassbrunnar med tilhøyrande kai og tappeanlegg for vatn. Her kunne fiskebåtane fylla vatn, som dei hadde med på vasstankar i båten.

Vassbrunn i Alvheimsundet gnr/bnr 48/77. Her kunne båtane leggja til og fylla reint vatn. Det finst framleis slike anlegg i Toftevågen og i Hjelmevågen. Foto Øygarden kommune 2018.

Badet i Blomvågen

På fiskebåtane var det tidlegare svært lite tilrettelagt for personleg hygiene for mannskapet. Under ulike fiskesesongar kunne det til dømes liggja svært mange båtar inne på Blomvågen. Det kunne vera båtar som søkte hamn på grunn av dårleg ver, fordi det var helg, eller fordi fangst skulle leverast. Etter krigen stod det att mange « tyskebarakker» og desse bygga kunna nyttast til mangt anna enn opphald for fiendlege soldatar. Ei slik brakke vart mellom anna flytta til Blomvågneset og vart eit badehus, der fiskarar kunne få vaska seg medan dei låg i hamn med båten.

Badet i Blomvåg, gnr/bnr 41/42. Huset vart sett opp her like etter krigen, for at fiskarar kunne dusja og vaska seg når dei låg i hamn i Blomvåg. Huset var seinare brukt m.a. som dokterkontor. I dag er huset (midt på biletet, med personbil parkert ved kjellarveggen) i privat eige som fritidsbustad. Foto Øygarden kommune 2019.

Slik fungerte huset ei tid, men etter kvart som hygienefasilitetane om bord vart betre, miste huset sin funksjon. Det gjekk over til å bli eit slags helsehus. På 1950-talet nytta kommunelækjaren huset til kontor, der han mottok pasientar dei dagane han hadde tenestetid på Blomøyna. Helsesøster nytta også huset i samband med vaksinering og anna. Då kommunikasjonen internt i kommunen vart betre, gjekk slike utekontor or bruk. Huset, eller «badet» som det ofte vart kalla, står framleis på same tomta, men er no omgjort til fritidsbustad.

Øygardsprosjektet og Perler i Nordsjøløypa prosjektet

Øygardsprosjektet var på 1990-talet eit samarbeid mellom grunneigarar, Øygarden kommune, Fylkeskonservatoren, arbeidskontoret og A/S Norske Shell (Troll fase 1) der føremålet var å restaurere fleire gamle naustmiljø i Øygarden. Om lag 150 naust og sjøbuer vart vølte: Hernar, Hjelme, Alvheim, Herdlevær, Ovågen, Blomestø. Utgangspunktet for val av naustmiljø i prosjektet var den omfattande SEFRAK-registeringa av til saman 230 sjøhus på slutten av 1970-talet.

Perler i Nordsjøløypa

Verdiskapningsprogrammet på kulturminneområdet vart avslutta ved årsskiftet 2010/2011. I Perler i Nordsjøløypa (PIN-prosjektet) skulle framståande kulturminne setjast i stand. Dei omfatta steinalder- plassen, saltebua, smia, kvernhuset og tørkehuset og sjølve Nordsjøløypa. Noko arbeid står att. Det skal takast med inn i kulturminneplanen.
Hovudmålet for 'Øygardspiloten' med PIN prosjektet var å skapa forståing og interesse for kulturarven, slik at den i større grad vert teken vare på for framtidige generasjonar. Det skulle oppnåast m.a. ved å setje i stand kulturminne, slik at dei kunne gje ein god oppleving og utdjupa forståinga av korleis kystfolket levde og lever attmed storhavet.
Prosjektet gjorde det mogleg å formidla kystkulturen på ein betre og meir interessant måte. Mellom anna har etableringa av steinalderbuplassen gjeve alle skulane i regionen eit heilt nytt klasserom med moglegheit til å forstå og læra litt av den 8 000 år gamle historia knytt til steinalderen i Noreg. Gjennom aktivitetar og formidling tilbyr musèet skulane og andre, ei spesiell oppleving .
På museet vart det også etablert eit amfi med scene som gjorde det mogleg å arrangera kulturdagar og konsertar, gjennom samarbeidet med Vestkystfestivalen. Smia som også vart realisert, var eit resultat av lokale entusiastar sitt ynskje om å ta vare på og formidle kunnskapen om å smedhandverket.
Istandsetjinga av kulturminna og formidlinga og tilgangen for innbyggjarane og for reiselivet, har auka folks interesse for verdien av å ta vare på kulturarven og sikra berekraftig bruk og vern. Saltebua og Kverna skulle fullførast i løpet av 2016, men enno gjenstår ein del arbeid. Begge anlegga står sentralt i historieformidlinga til lokalbefolkning og tilreisande.

I prosjektet vart det og etablert ein guideservice, som musea i regionen tok seg av. Prosjektet gav kurs til dei som ville å vera guidar i sine lokalområde. Ein fokuserte på landskapet rundt kulturminna, og sette dette i samanheng med lokal identitet. Guidekurset laga opplegg der ein tok føre seg geologi, naturgeografi og flora, fugleliv og fiske. Ved hjelp av tiltaket vart 'Guideservice' etablert, og under namnet «Vestlandsforteljingar» vart det arrangerte fleire turar i Nordsjøløypa. Guideservice er ei teneste som kan gje verdiskaping knytt til kulturminne og reiseliv i regionen, for aktørar innan kultur- og turistbransjen. Tilbodet tek sikte på å halde eit høgt kompetansenivå på all formidling som vert gjeven av guidar.
Gjennom PIN vil ein tilby lokale guidetenester for turistar, bedriftsmarknad, skuleelevar og lokalsamfunn. Tenesta skal ytast av personar som er nært knytte til området, med lokal kunnskap og kompetanse i historieforteljing.
Guideservice er forankra i Museum Vest. Rekruttering og utvikling av guidetenesta vil skapa eit heilskapleg tilbod i regionen/destinasjonen Sotra og Øygarden. Vektleggjinga på guidar som kjenner og tek seg fram i naturen, anten det er i naturløype eller båt, kan sikra ein eksta kvalitet på tenesta.

Flyfoto frå Herdlevær med naustrekkja i Grunnesundet. Naustrekkja er nærast blitt ikonisk for Øygarden. «Nausta vert fotograferte mest kvar dag», seier dei på Herdlevær. Foto Kystmuseet i Øygarden.

Handelshus, kremmarhus og gjestgjevarstader

Frå gammalt av kjenner me godt til tre handelsplassar i Øygarden: Hernar, Heggholmen og Blomvåg. Her var det handel, fiskemottak og høve til overnatting, om ein trong det. Me ser av eldre dokument at det lenge før 1900 også vart prøvd med handel andre stadar, utan at det lukkast. Dei som dreiv dei tre store handelshusa, brukte rettsvesenet for å få bort konkurrerande handel. På Nordre Sele, i Breiviksundet og i Hellesundet vart det teke initiativ til handel, men tiltaka møtte altfor hard motbør frå dei som alt var etablerte.

Bilete frå Hernar gnr/bnr 11/117 med fleire.. Foto Kystmuseet i Øygarden.

Hernar, eller Hedlane som det heiter lokalt, er etter det me kjenner til, den mest særeigne mellom gamle handelstadar i vårt område. På 1500-talet var Hernar den staden i Øygarden med høgast tal fastbuande. Ulike kjelder tyder på at Hernar var eit klart sentrum i området i lang tid, og staden er nemnd også i skrifter frå tidleg mellomalder. Handelsstaden på Hernar var den eldste, og me veit den vart oppretta før 1606.
«Kremmarleiet» på Heggholmen, grunnlagt om lag 1610, vart etter kvart også ein sentral stad, med handel, bakeri og brenneri, gjestgjeveri, fiskemottak og losstasjon. Her var det nok liv og røre til langt fram mot vår tid. I dag er det berre nokre bygg som står att etter stordomstida, men bryggjer og grunnmurar etter bygg vitnar om kva som her har vore.



Postkort frå Heggholmen. Det er vinter, vi kan sjå nokre menneske, og ved kaien ligg ei listerskøyte. Huset heilt til venstre med skykkje på nordveggen vart kalla Loshuset. Foto Kystmuseet i Øygarden.

Blomvågen var også ein stad der det tidleg vart handel og kremmarhus. Me reknar Berget som den eldste handelsstaden i vågen. Handelshuset vart kanskje etablert på slutten av 1600-talet. Dei fekk handelsløyve i 1710 og hadde funksjonar som Hernar og Heggholmen. I 1935 brann alle husa på Berget og etter brannen heldt berre handelen og sildesaltinga fram i nye bygg.
I Blomvågen var det elles ei stund handel i Knarvika og i Sjurvika. Her var det også saltebuer. Rundt 1950 vart det i Blomvågen salta sild på Berget, i Knarvika, i Sjurvika, på Krabbhopen og på Selstø.

Parti frå Blomvåg med handelssenteret og Kyrkja. Foto: Widerø 1932.

Dette bilete syner den gamle handelstaden «Berget» i Blomvåg. Biletet er teke før den store brannen på Berget i 1935. Rutebåten «Øygar» er på veg frå kaien. Kyrkja er heilt ny, men gravplassen er ikkje etablert. Foto Kystmuseet i Øygarden.

Etter at det vart regulære båtruter frå Bergen og utover til øyane i Øygarden (første halvdel av 1900-talet) vaks det fram fleire landhandlarar. Rutebåten gjekk innom faste plassar og på mange av desse stadane kom det butikkar. Til saman hadde rutebåtane omkring 30 stopp i vårt område og på 18 båtstopp var det butikk, handel og postutlevering.

Berget og Kyrkja i Blomvåg ein søndag i 1933. To rutebåtar ved kaien (Øygar og Eira). Fremst ligg M/S Stokke som vart borte på havet hausten 1934 og alle om bord omkom..Foto Kystmuseet i Øygarden.

Eldre kaiar og bryggjer (frå tida før rutebåtane kom) vart ofte for spinkle for dei nye rutebåtane. Det vart difor laga dampskipskaiar der rutebåten kunne leggja til. Ein av dei best ivaretekne tidlegare dampbåtane i Noreg, m/s Børøysund, gjekk under namnet Skjergar i rutefart i Øygarden i åra 1923-25. Båten vart teken ut av ruta og seld, mellom anna fordi dei eksisterande kaiane var for små og ikkje eigna seg.
Nokre hamner, støer og dampskipskaiar låg slik til at det ved visse vindretningar kunne vera vanskeleg å ta seg inn og leggja til. Fleire stader er det difor laga moloar, slik at hamneforholda uansett ver skulle vera best mogleg. Moloen på Hernar er særs vakkert bygd. På toppen er steinane så fint lagde at det er som brustein i ei gate.

Moloen på Kyrkjeøyna, Hernar. Foto Egil Sæle

Kaiar, bryggjer, båtoppdrag, lunnar og støer er det enno mange av i kommunen. Det er eit ønskje at eigarane av desse kulturminna er seg medvitne om dei verdiane dette representerer

Båtoppdrag ved Austesjøen på Rong gnr/bnr 38/154. Desse er både vakre og funksjonelle og står seg over tid betre enn betong. Foto Oskar Mikkelsen.

Om støene og naustmiljøa vert haldne i hevd, vil dei kunna gje grunnlag for ivaretaking av det som er sermerkt for området vårt og for vår eigen identitet. Dei vil framstå som noko folk frå andre stadar vil leggja merke til. (Ein gong meinte mange at bygningane på Bryggen i Bergen burde rivast, i dag er Bryggen på Unesco si liste over verdfulle kulturminne, del av verdskulturarven).

Detalj av eit større kaianlegg på Heggholmen frå tidleg på 1900-talet. Dette er eit av byggverka til Hellik Halvorsen som kom frå Tinn i Telemark og busette seg i Øygarden (Toftøyna). Fleire stader i kommunen er det natursteinsmurar etter Hellik som her på Heggholmen, og også i Breiviksundet (Garden). Foto Egil Sæle 2012.

Øygarden kommune, ved Teknisk plan og forvaltning, har laga oversyn over «offentlege» (private og kommunale) kaiar i Øygarden og samla dette i eit hefte som heiter Kaiar i Øygarden - 2010.

Målsetting og tiltak

Målsetting:	Slå fast at Nordøyane og handelstaden på Hernar er unike områder både med omsyn til natur, tradisjon, verksemd og handel. Ta vare på naustmiljøa i kommunen.
Tiltak:	Utarbeida ein plan for vern av Nordøyane med spesiell vekt på kremmarverksemda på Hernar. Re-konstruere bautasteinane på Hernar. Steinringen som fortel at det har vore lov-utøvande myndighet på Hernar i Vikingtida. Etablera kommunal støtteordning for grunneigarar som går saman i grunneigarlag for å forvalta sjøbruksmiljøet i si grend. Bistå i rettleiing om eksterne støtteordningar. Gjennomgang av bindande føresegn for naustmiljø i kommuneplanen (kapittel 15, 1 – 3) for å vurdera om det trengst ei endring i ny kommuneplan.

Landbruk

Bruken av jorda, innmark og utmark, sjøen og strandsona, har vore ein integrert del av folk sitt liv på øyane heilt fram til vår tid. Oppbyggjinga av støer og sjøhus har stått i relasjon til sjøen, fisket og fangsten. På liknande måte har bruken av jorda stått i relasjon til bygg og busetnad både på innmark og i utmark. På ulike måtar har det sjølvsagt også vore vekselverknad mellom gode støer og hamner lokalt, med lett tilkomst til havet og fiskeplassar på sjøsida, og busetnad og landbruk på landsida.
Endringane som gjekk føre seg i norsk landbruk frå om lag 1850, vert ofte kalla «det store hamskiftet». Med det meiner me dei store endringane i landbruket på denne tida. Endringar i bruk av reiskap og driftsmåtar fekk store konsekvensar for bruksstruktur, bustadstruktur, byggeskikk og levemåtar - også for landbruket i Øygarden.
Det som vert kalla «utskiftning» av innmarka innanfor landbrukseigedommane i Øygarden, gjekk i hovudsak føre seg i tidsrommet 1880 til 1920 (sjå meir om dette https://snl.no/utskiftning). Før dette hadde brukarane på ein matrikkelgard innmarkseigedommane sine oftast oppdelt i ei mengd teigar, medan utmarka var eigd i fellesskap. Ei fruktbar eng på innmarka, myrer, åkerland og anna, var til vanleg delt i fleire stykke, slik at kvar brukar til dømes skulle ha ein bit av ei god eng eller ei god myr.
Den omfattande oppdelinga av bruka her hjå oss kan og ha bakrunn i at jordbruk og fiske alltid har gått hand i hand langs kysten. Det skulle ikkje så svært store jordstykke til for å fø ein familie, når ein hadde sjøen like ved stovedøra. Vart eit bruk delt ved eit generasjonsskifte, så følgde også oppdeling i fleire teigar.

Då utskiftinga av innmarka var gjennomført, dvs at kvart bruk var samla i ein teig, eller så få teigar som mogleg, vart kvar grunneigar pålagt ei plikt til å flytta husa sine til den nye samla teigen. Området som utgjorde tunet eller garden, vart no tilhøyrande ein grunneigar og kvar huseigar fekk ein frist for å flytta husa sine til teigen dei var tildelte gjennom utskiftninga. Vart ikkje fristen halden, måtte ein betala avgift til den som no eigde tomta der bygget stod.

I Øygarden held dei gamle driftsformene fram etter utskiftinga utan svært store endringar. Først etter 1930 tok ein her i bruk meir moderne innretningar i landbruket, med reiskapar knytte til bruk av hest m.m. Denne utviklinga held fram også etter krigen i 1940-åra og utover på 1950-talet, då små traktorar kom i bruk.

Våningshus med løe, gjødselkjellar i naturstein og silo gnr/bnr 1/5 på Skjold. Foto Øygarden kommune 2017.

Men frå 1960-åra og framover gjekk fleire og fleire landbrukseigedommar ut or bruk. Frå 1950 og utover vart det så å seia heilt slutt på det tradisjonelle heimefisket, der sjøbruk og landbruk hadde gått hand i hand. Jord- og åkerbruk i kombinasjon med fiske var meir eller mindre over og avvikla. Samstundes forsvann samspelet med og bruken av naturen på måtar som hadde kontinuitet til langt attende i tida .
Attgroinga tok verkeleg til i jordbruket. Mange bygningar knytte til fiske og landbruk kom heilt ut or bruk, og etter kvart vart fleire meir eller mindre heilt borte.

Bilete syner restane etter dei to fellesnausta til gnr 39 Søre Sele i Straumane, no gnr/bnr 39/1-8. Her hadde dei to notelaga på garden notebåtane ståande når dei ikkje var i bruk i fiske. Foto Øygarden kommune 2019.

Bygningar i utmarka

Skjeneflorar

I utmarkene var det to typar bygningar som hadde direkte samanheng med det produktet som utmarkene hovudsakeleg tilbaud: heilårsbeite for husdyr og torvtaking .
I nesten alle utmarkene i kommunen finn ein hus og ruinar av hus som vart kalla «skjeneflor». Ordet kjem truleg av å skjena, dvs. dyra si atferd når dei vart plaga av mygg og knott. Då skjente/sprang dyra på ein særleg måte for å bli kvitt insektene. I utgangspunktet tenkjer me oss at dette var hus der dyra kunne vera om kveldane og nettene når insektplaga var stor. Dyra kunne også søkja ly her i dårleg ver med mykje nedbør.

Her ser me i bakgrunnen Karifloren og ruinen av Larsefloren i utmarka til Vik, no gnr.bnr 34/5 på Toftøyna. Foto Øygarden kommune 2019.

Men det var også ved desse skjeneflorane at kyr vart mjølka og kanskje fekk litt ekstra, som matrestar, restar av salt sild og anna, i samband med stølinga.
I nesten alle utmarkene finn me stader der dyra kunne fangast inn når det av ulike grunnar var naudsynt. Desse stadane vart kalla «tøkje», og dei utgjorde ofte naturgjevne stengsler. Det vart gjerne laga steingardar som tilleggsstengsel ved sida av det naturlege.

Bilete syner eit tøkje (der ein kan fanga inn dyr) Dette er svært fint laga og fungerte sikkert svært godt når sauene etter lang tid i utmarka skulle fangast inn til klipping. Foto Oskar Mikkelsen.

På Toftøyna er fleire skjeneflorar no vølte (sette i stand) og vert i dag nytta som mål for mange turgåarar. Helgefolket på Vik bygde skjeneflor i Pardalsmyra i 1924, fordi deira bruk vart tildelt utmark her etter utskiftninga på Vik i 1919. Floren var i bruk fram til 1958.

Bilete av Helgefloren i utmarka til Vik på Toftøyna, gnr/bnr 34/3. Toftøy nærmiljøutval i samarbeid med grunneigaren, restaurerte skjenefloren i 2001. Her i Pardalsmyra har det blitt ein fin samlingsstad for familiar når dei er på tur i utmarka. Foto Øygarden kommune 2019.

Torvhus

Torvtakinga føregjekk kvar vår, og når torva var spadd opp, måtte den først og fremst tørkast svært godt for å brenne skikkeleg og gje god varme. Den vart difor lagt til tørk på berg og hamrar ved torvmyra, og så teken inn i hus som stod i utmarka. Desse husa var ofte bygde i naturstein. Taket var dekka med steinheller (villskifer). Ruiner av slike steinhus finn me framleis i utmarkene. I det verna våtmarksområdet på Tjeldstø er fleire torvhus blitt restaurerte og er nærmast blitt eit kjennemerke for Øygarden.

Torvhus i Tjeldstømarka gnr/bnr 52/20. Tjeldstemarka vart sikra og freda som våtmarksområde og naturreservat 15.desember 1995. Reservatet dekkjer eit areal på om lag 1057 dekar både vatn og landareal. Området inneheld mange kulturminne; kulturlandskap med lyngheier og torvmyrer der folk på Tjeldstø skar torv og systematisk svidde/brente lyngheiene heilt fram til 1993.
I Tjeldstømarka var det14 steinhus, dei fleste torvhus, men og nokre «skjeneflorar» (sommarfjøs) som står på rekkje og rad i eit relativt lite område. Fleire av steinhusa er restaurert. Foto Øygarden kommune

På mange gardar var det også slik at den tørre torva vart lagra i eit sjøhus etter at den var frakta heim frå utmarka med båt. Slike hus finst framleis. I Blomgangstø er det tre-fire tidlegare torvhus, men dei vert i dag oppfatta som sjøhus og vert nytta i samband med fiske og ferdsle på sjøen.

Torvhusa til gnr/bnr 40/5 og 40/8 i Blomgangstø. Torva vart frakta hit med båt frå myrer i utmarka. Torva vart lagra her inntil den vart boren heim til huset i kiper etter kvart som ein trong brensel heime. Foto Øygarden kommune 2019.

Reiskapar som trykkluftutstyr, bor- og meiselmaskiner, kompressorar, dynamitt og gravemaskiner var ukjende for dei som la grunnlaget for liv og tilvere her ute. Den viktigaste innsatsen var dei sjølve og eigne krefter, og enkle reiskapar som spade, hakke, kile og spett, kniv og ljå. Ein lærde seg også å utnytta naturen. Ein glatt og rett bergvegg kunne verta ein vegg i eit sjøhus, torvhus, ein skjeneflor eller andre uthus. På denne måten vart husa alltid tilpassa til terrenget.

Ruinar av torvhus som er tilpassa i terrenget gnr/bnr 39/8. I muren ser me at fjellet er ein del av muren. Det er ikkje svært lenge sidan taket på huset datt ned. Ein ser restane etter taket og veggane mellom murane. Foto Øygarden kommune 2019.

På biletet ser ein tydeleg spor etter steinbrot. På stader der ein lett kunne bryte laus fin stein til murar, henta ein stein til i naust og bryggjer. Her frå Geitarøyna, gnr/bnr 38/122 sorvest for Rongøyna. Foto Øygarden kommune.

Kvern og kvernhus

Når kunnskapen om bruk av vasskraft mot slutten av mellomalderen (1200 -1300) utvikla seg i meir sentrale strøk, lærde også øygardingane å byggja små kverner. Nesten alle desse var avhengige av demningar og oppsamling av vatn over tid for å få til drift og maling av korn (flaumkvern). Etter denne tida finn me stadnamn som «Kvednevatnet» og «Stemmo». Somme stadar ligg det att kvernsteinar og restar av demningar, medan kvernhusa og anna treverk som høyrde til og var i bruk, er heilt borte.
Kystmuseet har i utmarka til Oen (gards nr. 43/4) (- bilete) ansvar for ei av desse gamle kvernene. Mange stadar i kommune ligg det kvernsteinar der det har stått kverner, mellom anna ved utløpet av Steinsvatnet på Dale, gardsnr 42/1 og på Alvøy ved utløpet av Storavatnet (gardsnr 53/2 og 4/1).



Kvernsteinar frå kvernhuset ved utløpet av Steinsvatnet gnr. 42 på Dale. Foto Øygarden kommune 2017.

Klara Oen fortel at kornet vart tørka på staur ved åkeren og male i eit lite kvernhus i nærleiken. «Eg gløymer aldri den gode smaken på mjølet som hadde tørka der i sola. Det smaka himmelsk». (Frå boka Av Stein, Eva Røyrane og Oddleiv Apneseth, Skald 2017).

På innmarka dyrka ein i første rekkje gras som vinterfòr til dyra. Ein hadde kornåkrar, og etter 1800 byrja også dyrking av poteter. Merke som framleis er å sjå etter denne drifta, er i første rekkje det klare skiljet mellom innmark og utmark. På innmarka finn me åkerreiner og terrassemurar. Der det var særleg bratt, kunne ein setja op natursteinsmurar, laga eit «lá», slik at jorda skulle halda seg i åkeren eller at enga ikkje skulle bli for bratt.

Bilete er frå Nordre Sele, gnr/bnr 7/36 ved Skinntréet. I bakgrunnen ser ein eit oppmura lá (terrasse), og bak dette ligg eit jordstykke. Det er fortalt at jorda vart frakta hit frå holmar utanfor og nytta til åker for ein såkalla strandsitjar. På på tufta heilt til høgre stod det tidlegare eit bustadhus. Den siste som budde her, var ei einsleg kvinne. Foto Øygarden kommune 2018.

Strandsitjarar kunne få låne seg grunn for å laga små åkrar. Dei kunne laga terrassemurar og så frakta jord hit frå ulike stadar, som holmar og skjer, slik at det vart djupt nok for det dei ville dyrka. Mange av desse murane står framleis.

Bilete er frå Utnesdalen nord på Seløyna, gnr/bnr 8/9. Her og mange andre stadar er det laga fleire terrassemurar eller lá, slik at det var lettare å halda på jorda i bratt terreng. I same området ligg det også ein potetkjellar. Foto Øygarden kommune 2019.

Potetkjellarane kom venteleg etter at øygardingane tok til å dyrka poteter. Kvart bruk hadde vanlegvis sin potetkjellar og me finn i dag slike rundt i heile kommunen. Mange av dei var svært godt bygde og har tolt åra godt, men nokre har falle saman. Det er to hovedtypar: dei som heilt er dekka av jord. Slike finn me til dømes fleire av på Lyngøy. Andre typen hadde synlege murar i naturstein, men var dekka med jord på taket. Ein slik står like ved Adnastova på Norde Sele.

Dette er ein potetkjellar frå Lyngøyna. Det står framleis fleire potetkjellarar på Lyngøyna. Foto Christel Møvik-Olsen 2018.

Potetkjellarane kunne nytta til mangt. Her på Hjelmo, gnr/bnr 8/2 er den gamle potetkjellaren

truleg nytta til røykhus, sidan den har fått skorstein på toppen. Potetkjellarane kunne også brukast til tørkehus for korn og til badstue når det trongst. Foto Øygarden kommune 2019.

Garden, tunet

På alle dei gamle matrikkelgardane i Øygarden var våningshusa (bustadhusa) samla på ein stad, i eit tun. Tunet/garden såg nærmast ut som ein liten landsby. Landsbypreget vart understreka ved at få hus fanst utanfor tunet. Den lokale nemninga av desse tuna har over heile området vore «garden», og ordet «tun» vart ikkje nytta. « Heim i garden» er eit uttrykk ein framleis kan høyra i Øygarden.
På ein matrikkelgard kunne det vera ein eller fleire (oftast to) slike tun, som kunne liggja litt frå kvarandre. Kvart tun hadde då eit eige namn. På Herdlevær hadde ein Oppigarden, Midttun og Nordigarden. Desse namna gjekk att over heile kommunen.
I garden var det mange hus: Stovehus til menneska, buer til mat, eldhus og vaskehus til baking og koking, uthus og do, løer til for og florar til kyrne, sauehus, hønsehus og lamhus, stall, smie, brønnar der folk henta vatn til menneske og dyr.

Uthus og vaskehus på gnr/bnr 40/8. Foto Øygarden kommune 2017.

Midt på 1800-talet vart det også frå styresmaktene si side sett i gang arbeid for å betra helsevilkåra for folk. Samfunnsforskarar som Eilert Sundt fekk fram kunnskap om levekår og folkeliv. Fleire skildra dei elendige bumiljøa i klyngetuna, der folk budde tett på kvarandre og korkje hadde tilgang på reint vatn eller tilfredsstillande kloakk. Frå midten av 1800-talet vart det difor meir og meir vanleg at folk tok til å flytta husa sine ut av tuna.

Frå Toft mot Toftevågen, gnr/bnr 35/11. Her ser ein til venstre eit uthus av stein. Løa midt på biletet har mot sør levegg i naturstein heilt til mønet. Til høgre steingard. Foto Øygarden kommune 2019.

Nokre stader nede ved stranda, tett ved ei lun vik, kunne det òg vera bustadhus, tilhøyrande ein strandsitjararfamilie. Dei eigde ikkje jord, heller ikkje grunnen under huset. Oftast hadde dei like ved eit naust eller lita sjøbu, også på leigd grunn. Det fanst mange slike hus i Øygarden, og dei stod ikkje i eit tun. Dei stod for seg sjølve, eitt og eitt, her og der. Men husa gjekk gjerne i arv til neste generasjon og det budde folk i husa. Oftast høyrde det også til ein liten bygsla (leigd) jordlapp.

Mange av strandsitjarane gjorde onnearbeid på gardane. Arbeidet kunne vera del av leiga for hustufta, eller ein gjorde arbeid for å få betaling i naturalia. Det vert fortalt om ei kvinne som gjorde slikt bytesarbeid på eit bruk i Øygarden. Ho var med og spadde opp poteter om hausten. Dette arbeidet kunne vera svært tungt. I ein pause då alle folka var inne og fekk seg mat og litt kvile, tok det til å styrttregna. Kvinna sa då, medan ho stod og såg ut vindauga på regnet som fossa ned og gjorde det umogleg å gå ut att i åkeren: **«okk Herregutnåe meg, detta vart eit Herrens velsigna ver».**

Eit slikt minne etter ein strandsitjar har me på Fløskjeret, det som no vert kalla Yssenskjeret. Her budde Øystein Olsen (f. 1826) med familien sin. På folkemunne hadde 'Øystein på skjeret' blitt til 'Yssen på skjeret', difor Yssenskjeret. Murane frå hustufta er godt synlege; også jordflekken der familien dyrka poteter og korn.

Bilete frå Fløskjeret i dag. Her hadde Øystein Olsen og familien huset sitt på slutten av 1800-talet. Dei hadde også eit lite jordstykke med åker på skjeret. Foto Øygarden kommune 2018.

Strandberg på Kystmuseet er også døme på eit slikt hus for ein strandsitjarfamilie.
I garden låg husa hulter til bulter i ei klyngje. Derfor nyttar ein no oftast «klyngetun» som omgrep for denne tunskipinga. Språkforskarar meiner at det engelske ordet «town» har røter attende til vårt ord «tun».
I dag er tuna oppløyste og usynlege for dei som ikkje har kunnskap om dei. Husa er flytta bort frå tunet og det er få eller ingen bygg som ligg på sin opphavlege plass. Men når me ser på staden der garden/tunet låg, og vurderer denne, ser me at nokre element går att i alle lokalitetane: garden er godt plassert i terrenget. Den ligg i livd for vær og vindretningar. Går me ein uvêrsdag i blest og regn og kjem fram til ein slik gammal lokalitet, opplever me straks kor det lunt det er.

Eit anna trekk er at det alltid i nærleiken av garden finst ein meir eller mindre tydeleg høgde, der ein får god oversikt over landskapet, fjorden og havet utanfor, eller vågen nedanfor. Alle desse elementa har nok vore medverkande når tuna vart etablerte. Det er all grunn til å syna meir respekt og omtanke for dei gamle tunlokalitetane, sjølv om det i dag kanskje ikkje står hus att der. Det er godt tenkjeleg at desse lokalitetane har vore stad for busetnad i svært lang tid, kanskje like lenge som folk har vore fastbuande her ved kysten.

Lemstove

Husa i garden var enkle og lite ruvande. I kvart våningshus, «lemstove», var det ei kjerne av tømmer, ei stove med lem (loft?) over. Inntil stova var det skykkjer og tilbygg med ulike funksjonar, både for dyr og menneske. Felles for alle tilbygga var at dei gav livd til sjølve stova, som var det primære opphaldsrommet for dei som budde der.

Foto av Ostova, sett frå nord-aust. Stova vart flytt til Hordamuseet og sett opp der. Slik om lag var utsjånaden til nesten alle bustadhusa i Øygarden, fram til nye byggeskikkar utvikla seg i siste halvdelen av 1800-talet, og etter at brukarane vart sjølveigarar. Ostova er er eit fleirromshus på tre plan med ulike rom og funksjonar. Dei «nye» husa i bakgrunnen som me ser på biletet, står framleis på denne staden. Foto Kystmuseet i Øygarden

Den nordatlantiske byggjeskikken

På «Berget» i Ovågen stod det tidlegare eit eldre langhus, eit fleirromshus med eit interessant grunnplan. Opphavleg høyrde denne bygningen til i det gamle fellestunet, saman med fem-seks andre bustadshus. Huset hadde ein stor steingavl mot sør. Innanfor steingavlen låg ein torvskut (vindfang) knytt til ei sval på austsida framfor inngangsdøra. Så kom eit framrom eller kjøkken med grue, ei stove med lem over, ein mellomgang som vart kalla «nede i bua» eller «Ildstovo» og så ei bu med tømra kleve langs vestveggen. Tidlegare låg det og ein stavbygd kleve (avstengt, ytre svalgong) langs austveggen og eit rom kalla «børo»; her lagra dei korn i ei stor «kornbøre» (kiste). I dette anlegget er det mange trekk som gjev oss ein peikepinn om at det er mellomalderens byggeskikk me her ser spor av: den nordatlantiske byggjeskikken.

Bilete som må vera frå omkring 1920 viser Storstova på Søre Sele på sin opprinnelege plass. Tømmerkassen til Storstova er på Hordamuseet i dag. Bak til venstre ser ein Øvstestova som på denne tida var våningshuset til gnr 39 bnr 5. Bak til høgre aner ein huset på gnr. 39 bnr. 9 Dette huset står framleis, medan dei to andre er borte eller flytta. Foto Kystmuseet i Øygarden.

Materialbruken var tradisjonell og enkel. Tømmerveggane var tekte med umalte bord. Taket var tekka med steinheller som var brotne i berga omkring og lagde utover som lappar. Innimellom kunne det vera lagt jord på hellene for å halda dei på plass, og for å unngå for mykje blest inn under dei. Inntil huset stod enkle skykkjer, kanskje med nokre veggar i natursteinmur.

Bilete er frå Ovågen frå det området der den gamle garden (tunet) var lokalisert. Øygardsvegen går no mellom dei to fremste husa. Då dette bilde vart teke, var huset heilt

fremst våningshuset til bruk nr 9. Bedehuset har fått tomt både frå bnr. 9 og bnr. 4. Steingarden følgjer grensa mellom dei to bruka og går midt på bedehuset og held fram på oppsida. Litt lengre opp i bakken ser me den såkalla «Ostova» på sin rette plass . Den stova var ein representant for dei gamle husa i gardane (tuna) i Øygarden. Det er eit stort tap at stova vart flytta vekk frå Øygarden, til Hordamuseet.

Adnastovo på gards nr 7 bnr. 5 kan stå som døme på hus frå tun-strukturen. Stova/huset ligg framleis på opprinneleg grunn i det gamle tunet, men er noko påbygd og måla, slik det har vorte vanleg å gjera i vår tid. Det er starta dendrokronologiske undersøkinger av Adnestova. Denne viser at tømmerstokkane i Adnestova kan vere frå 1333-1457 e.Kr. Dei yttarste årringane på stokkane er frå 1530- talet. På bakgrunn av tal på ringer i kjerne- og geitveden kan man anslå at furua ble felt etter 1539 og sannsynlegvis på 1570-talet, men heller ikkje 1600-tallet kan ute lukkes. Adnestova er foreløpig u-datert. Det er viktig å fullføre prøvetaking og analyse slik at Adnestova kan daterast ferdig. Stova er ikkje påbygge i nyare tid slik det står i planen. Grunneigar ønskjer samarbeid med Kystmuseet og kommunen om statusen i framtida for denne stova som truleg vert automatisk freda når datering er fullført. Det er viktig å ta vare på dette sjeldne kulturminne, vidare kommunikasjon om korleis det skal gjerast er viktig.

Biletet syner Adnastova (Annastova = stova der Anna budde) på Nordre Sele, gnr/bnr 7/5. I dag er huset kvitmåla, men slik har det ikkje alltid vore. I dette huset kan det ha budd folk i 400 år. Eigaren har teke initiativ til å fastslå alderen på tømmeret som er nytta i stova. Foto Egil Sæle.

Den offentlege utskiftinga av heimebøen på gardane førde til omfattande endringar i byggjeskikk, og etterkvart også i tilhøva mellom dei som budde her. Skiljet mellom dei som eigde bruk og dei som var strandsitjarar, vart mindre. All busetnad vart no meir eller mindre borte frå den gamle garden og nye tun vart oppførte kvar for seg på dei nye bruka. Husa stod

ikkje lengre på lune stader, men vart trekt meir og meir opp i himmelsynet og vart dominerande i landskapet. I dag vert bustadhus ofte sett på høge toppar.

Bilete av ei eldre stove på Harkestad, gnr/bnr 51/7 som har fått større auge. Foto Øygarden kommune

Når ein leitar etter eldre våningshus i Øygarden i dag, er det sjeldan me finn hus som er frå tida før utskiftinga av innmarka. Nesten alle dei gamle opphavelege lemstovene er borte. Dei siste attverande og då dei eldste, er ofte blitt brende eller fjerna, fordi ein meinte dei framstod så stygge og usle. Det var stor semje om å fjerna slike 'skjemmande' hus. Dette er ein del av sanninga. Men går me inn i dei eldste bygga som no står som våningshus (bustadhus knytt til jordbruket) på (gards-) bruka, vil me svært ofte finna att tømmerstova frå det gamle huset i det tidlegare tunet, no som eit rom eller ei stove i det nye huset. Nytt tømmer er lagt til, slik at det nye huset fekk fleire stover med fleire loftsrom/lemmar over. Den gamle nøysemda flytte med inn i dei nye husa.

Våningshuset på gnr.40 bnr. 8 på Blom. Tømmeret frå den gamle stova, som truleg var frå 1700-talet, vart med inn i det nye huset som vart sett opp i 1882 og ombygt i 1913. Bygget er SEFRAK-registert. Bak kan vi skimta frå venstrre Lamhuset, Ronghuset og Løa.Foto Øygarden kommune 2018.

I mange hus i Øygarden finst det såleis delar, stover eller rom som tidlegare var delar av hus i det gamle tunet. Nokre av desse kan ha svært høg alder.

Etter utskiftinga og påfølgjande utflytting vart altså husa på kvart bruk sette oppatt ein stad på den nye teigen: våningshus, løe med flor, sauehus, uthus, vaskehus, do og potetkjellarar. Mange stadar vart bortimot alt frå dei gamle husa teke i bruk når det nye tunet skulle byggjast. Natursteinsmurar frå løe eller uthus vart såleis frakta til den nye staden, som likevel ikkje vart ein fast tunskipnad etter eit mønster. Husa på det nye bruket vart plasserte slik det høvde for kvar stad.

Bilete frå Straumøyna, gnr/bnr 43/17. Her er det fleire natursteinmurar etter fleire hus. Foto Øygarden kommune 2018.

Ein svært gammal byggjeskikk på kyststripa vår har vore såkalla grindbygg. Denne byggjemåten vart tidlegare nytta til bustadhus, gjerne kombinert med ei tømra stove inne i grindbygget. Seinare vart samansette hus, som Ostova, mest brukt. Det var gjerne ei tømmerkasse til stove eller bu med lem over og grindbygg sett inntil som skykkjer (tilbygg). I dag finn me denne byggjeskikken att i løer, naust og uthus. Fjæremannshusa var ofte grindbygg med eit rom/tømmerkasse inne i grindbygget.
Grindene i dei gamle husa og løene vart oftast med til det nye tunet og står kanskje der framleis som element i den «nye» løa, ein flor eller eit uthus. Slik er det m.a. på Blom på gards nr 40/1. Ein kan lesa meir om grindbygg i boka til Kåre Herfindal, Grindbygningen. Innføring i ein byggeskikk, Norges husflidlag 2004.

Detalj frå eit grindbygg i eit stort naust i Svintræet, gnr/bnr 7/15. Det skal ein kraftig storm til for å riva eit bygg med slike dimensjonar. Bygget og desse grindene er no borte, grunneigar reiv bygget i 2018. Foto Øygarden kommune 2018.

Løe på Blom gnr/bnr 40/1 frå 1905. Løa er eit grindbygg med ei tømmerkasse til flor inne i løa. Døme på ny bruk av kulturminne. Ombygging med respekt for tradisjonell byggeskikk. SEFARK-registrert. Foto Øygarden kommune.

Natursteinen frå gamle-floren vart nytta opp att, og står som levegg og grunnmur i den nye løa på bruket. Det same gjeld grindverket i løa, det står der framleis som del av «nybygget». I våningshuset står den gamle lafta tømmerstova og loftsromma/lemmen over, no som kjøkken og soverom. Her er veggane av hogge rundtømmer, slik dei også er i den før nemnde Adnastova.

Karistova eller den gamle Larsestova på Vik i dag gnr/bnr 34/5 . Huset er frå 1860 og har ein grunnplan som er i slekt med dei samanbygde husa frå 1700-talet (Ostova, til dømes). Sjå også eldre bilete frå Vik, under kapittel om Vegar og samferdsle, der Karistova og er med (Foto Øygarden kommune).

Uthus på Uthaug gnr/bnr 39/13, med solid natursteinsmur mot sørvest. Det skal eit godt handalag til hjå muraren (Johannes Rougnø f.1916), om resultatet skal bli så fint som i denne muren. Foto Øygarden kommune

Nautnes, gnr/bnr 6/25. Illustrasjon av nytilbygg der ein har tatt omsyn til det eksisterande og bevart bygningsmasse. Foto Øygarden kommune 2017.



SEFRAK = "Sekretariatet For Registrering Av Faste Kulturminne i Noreg".
Gult SEFRAK-merke tyder ‘annan SEFRAK-bygning og raudt merke tyder meldeplikt ved riving/ombygging.

Bilete frå Nordrevågen på Norde Sele, gnr/bnr 7/52 og andre. Fleire av desse nausta vart nytta til saltebuer. Foto Øygarden kommune 2018.

Målsetting og tiltak

Målsetting:	Få til større merksemd og sterkare medvit om eldre bustadhus og byggjeskikk i Øygarden. Støtta og hjelpa eigarar som vil ta vare på gamle bustadhus og samstundes ha tidmessige husvære. Ta vare på utvalte torvhus og skjeneflorer i Øygarden
Tiltak:	Kartleggja kor mange av dei gamle stovehusa som står att i Øygarden. Gå gjennom SEFRAK-registreringa på gamle stovehus, kartleggja eldre bygningselement i bygga. Ferdigstille dendrokronologiske undersøkelser på Adnestova til Egil Sæle. Fortsette dialog med grunneigar om korleis kulturminne skal ivaretakas og driftas Vidareutvikla samarbeidet mellom Bergen arkitekthøgskule og Kystmuseet, knytt til nyskaping av gamle lemstover; synliggjere korleis ein kan byggja på / utvikla dei gamle lemstovene.

	Plan for vern og rehabilitering av Tjeldstømarka må oppdateras (frå 1987) Informere om nærmiljøet om eksterne midlar til vedlikehald. Utvikle formidlingsarbeidet med Tjeldstømarka som naturreservat og våtmarksområde

Eit vakkert naustmiljø ved Nessjøen, gnr/bnr 41/7 og fleire. Dei fleste nausta er godt vedlikehaldne. Frå gamle bilete kan me sjå at staden har bevart utsjånaden over lang tid. Det er eit pluss til eigarane. Foto Øygarden kommune 2018.

Fritidsbustader og hytter

I dag er det vanleg at folk i tillegg til den faste bustaden, også har ein fritdsbudstad. I kommunen er det etter kvart mange hytter. Ein stor del av dei gamle husa er i bruk som fritidsbustader. På Ono vest for Rong står framleis eit sommarhus (gnr.38 bnr.123) etter Elise Stoltz Dethloff (1872-1931) og mannen hennar Hans Gottfried Dethloff (1871-1948). Det er godt mogleg at dette var den første fritidsbustaden i området vest for Bergen. Elise Dethloff er rekna som den første kvinnelege almennlegen i Bergen og ho var spesielt oppteken av forskning på tuberkolose. Ho vart tildelt kongens fortenestemedalje i gull for denne innsatsen.

Bautastein på Rong, gnr 38/500, til minne om Elise og Hans Dethloff. Foto Øygarden kommune 2019.

Ekteparet fekk eit spesielt tilhøve til dei fastbuande på Rong, og sette i gang ei rekkje velferdstiltak for lokalbefolkninga. I takksemd for alt det gode Elise og Hans Dethloff gjorde, vart det reist ein bauta i stein på Rong med denne inskripsjonen: «Rong ungdomslag reiste denne stein 1-11- 1946 i takksemd til legane Elise Dethloff, f. Stoltz og Hans G Dethloff.» Den spesifikke plasseringa av bautasteinen på Rong var vald fordi dette var ei god og sentral plassering i si tid. Bautasteinen står framleis i dag, som eit kulturminne over fortidas eldsjeler.

Målsetting og tiltak

Målsetting:	Auka merksemda og sterkare medvit om minnesmerker i kommunen.
Tiltak:	Lage ein oversikt og skjøtselsplan over minnesmerker i kommunen.

Dethloffhytta ligg heilt mot storhavet. Heilt vest i havet ser me Greipingen med fyrlykta på toppen. Foto Åsa Nesheim 2018.

Vegar og samferdsel

Færingsbåten var skyssbåten og framkomstmiddelet framfor noko, før det vart rutegåande båtar mellom Bergen og Øygarden mot slutten av 1800-talet. Biletet syner to personar i færingsbåt med sprisegl og fokke. Kanskje er dei på veg til butikken i Heggholmen. Foto Kystmuseet i Øygarden.

Båten har stått for samferdsla i tusenvis av år, men kjølstripa set ikkje varige spor, dersom ein ser bort frå dei spor som støene med bryggjer, båtoppdrag og kaiar representerte.
På land greidde ein seg med stiar. Stiane følgde nok fàr som hadde vore nytta i uminnelege tider. Difor må nokre stiar og fàr framhevast og gjerast framkommelege for dei som vil gå dei også i dag. Det bør også gjelda tilretteleggjing av gamle ferdselsvegar i og mellom dei gamle gardane. Mange stader var det stiar mellom dei ulike gardane, slik som frå Tjeldstø til Alvheim. Frå gamle Hjelme kyrkje til nordenden av Seløyna går det eit slikt fàr. Litt av det er opparbeidd og tilrettelagt som merka tursti.

Slik kan dei gamle ferdselsvegane haldast vedlike og bli gode turvegar for folk i alle aldrar. Denne vegen vart opparbeidd i 1920 åra og var ein god veg for dei som budde nord på Seløyna, Forhjelmo og Hellesøyna når dei skulle til Hjelme (gamle) kyrkje. Foto Øygarden kommune 2019.

Slik kan dei gamle stiane tilretteleggjast mange stader og bli trygge turvegar mellom bygdene.

Mellom gardsnr. 42, Dale og gardsnr. 40, Blom er det eit skar som er nesten uframkommeleg. Likevel finn ein her to trasear som me veit vart nytta til veg. Det eine fàret gjekk opp skaret frå inst i Dalsvågen og opp til skulen. Det kan virka ufatteleg for oss i dag at små barn hadde dette til skuleveg, men det hadde dei, heilt fram til 1960-talet

Far etter den gamle skulevegen frå Dale, gnr 42/15 og opp til Blomvåg skule. Delar av vegen var svært bratt og det kunne liggja mykje is i vegfaret om vinteren. Det er lite truleg at barn hadde fått nytta dette faret til skuleveg i dag. Foto Øygarden kommune 1974.

Det andre fàret vart kalla Rosstien (uttala Røsstien). Det låg litt nordom brua som i dag går over dalen, og vart nytta når ein skulle leia kyr og større dyr mellom gardane på aust- og vestsida av øya.

Når stiane gjekk over elvar og bekkar, vart det laga små kloppar (gangbruer) som vegen gjekk over. Slike finn me framleis fleire stadar, i tilknytning til dei gamle stiane (ferdselsvegane på land).

I bygdeboka er det teke med skildringar av stiar og vegar som vart nytta på garden. Det framgår at stiane ikkje var særleg godt tilrettelagde før vegane vart opparbeidde.

Dette biletet er frå Vik. Hovudvegen opp frå sjøen syner godt. Mange vegar i Øygarden var slik fram til 1920-åra. Biletet syner at vegen sluttar oppe til høgre, der me ser Karistova som står på plassen sin framleis. (FotoKystmuseet).

Dei første vegane i Øygarden kom omkring 1920-30 og utover. Mange vegar vart bygde som tiltak i samband med den store arbeidsløysa på 1930-talet. Dei fastbuande vart også pålagt pliktarbeid med eit visst tal dagar i året, bestemt etter kor stor skuld det var på eigedommen dei eigde. Ordninga med fast rutebåt til og frå Bergen sette fleire stader også fart i vegbyggjinga fram til båtstoppa.

Nautnesbrua vart opna i 1958. Foto Øygarden kommune 2019.

Nautnesbrua og brua mellom Blom og Dale på Blomøyna vart begge bygde på slutten av 1950-talet og førte til stor endring i samferdsla. No vart reisene heilt eller delvis flytta frå sjøen til land. Nautnesbrua vart den første brua over eit større sund, og i vår målestokk batt den saman to store øyar.

Brua over dalen mellom Blom og Dale på Blomøyna. Foto Øygarden kommune 2019.

Til sjøs vart dei beste, farbare leiene merkte med vardar og/eller stakar, lykter eller fyr. I Øygarden er det mange slike.

Skarvøy fyr. Foto: Kystverket

På Skarvøyna vest for Rong vart det etablert ein fyrstasjon i 1910. Fyret vart nedlagt og avbemanna i 1954. Det vart erstatta med ei lanterne på ei høg søyle. Dei gamle bygningane vart selde til private og brukte i hus på Toftøy.

Merkje og tufta etter dei gamle fyrhusa og kaianlegget på Skarvøyna er framleis synleg. Dette kulturminnet er ikkje registrert i Sefrak.

Materiale frå husa på Skarvøy fyr finn ein att i dette naustet i Toftevågen.

Like innanfor Skarvøya ligg Buholmane. Namnet er interessant. Ein har kjennskap til at det heilt til vår tid fanst eit enkelt bygg der folk overnatta. Slike overnattingar var vanleg i samband med fangst av hummar og tilsyn med laksenøter. Om det har vore anna busetnad i Buholmane, er ikkje kjent.

Fyrverket tek seg av vedlikehaldet av eksisterande stakar og fyrlykter.

Lykt på Geitingen i Geitingsleia, som er innseglinga til Senosen. Foto Øygarden kommune 2018.

I mange sund og vågar kan me framleis sjå fortøyingsboltar eller jernpålar som seglbåtane tidlegare nytta ved behov.

Tidas tann har sett sitt merke på desse pålane frå segleskutetida. Denne står framleis i Ulvesundet, gnr/bnr 39/4. Foto Øygarden kommune 2019.

I seglskutetida kunne det hende at seglskip trong hjelp til å koma seg frå havet og inn i Hjeltefjorden. Før ei ordna losteneste var etablert, var det ei vanleg attåtnæring for fiskarane å losa seglskuter gjennom sunda. Dersom det var lite vind, eller motvind, greidde ikkje seglskutene å halda tilstrekkeleg fart til å segla gjennom sunda. I slike sund vart det då på begge sider montert pålar med ring, slik at skutene kunne halast fram ved hjelp av trosser.

Framleis kan me i fleire sund i Øygarden sjå slike pålar, mellom anna i Alvheimssundet og Ulvesundet.
Det vart også montert pålar til vanleg fortøying når båtar av ulike grunnar søkte hamn. Desse finn ein i vågar og sund i store delar av kommunen. Det var eit offentleg organ som satte opp desse pålane, og det vart også måla ein såkala «blink» i berget der pålane var monterte, slik at dei skulle vera lettare å finna.

Frå leia mellom Nautnes og Norde Sele. Vardnesholmane gnr/bnr 7/10. Steinvarde på land og fleire fortøyingspålar nær flomålet. Foto: Øygarden kommune

I Øygarden er det mange gamle seglingsmerke som tidlegare var ein viktig del av navigasjonen når ein ferdest på sjøen. Dei gamle vardane bør me lage ordningar rundt, slik at dei vert vedlikehaldne som framifrå kjenningsmerke for området vårt.

Vest for Seløyna står det ein vakker varde i Bleikenøvlingen gnr/bnr 7/1 med fleire. Foto: Egil Sæle.

Målsetting og tiltak

Målsetting:	Ivareta og formidle Nordsjøløypa. Vern av utvalte sjømerker, vardar og ulike fortøyingsboltar for å bevara og formidla historia til ei tid der menneska var avhengige av å kunna navigera på sjøen under alle tilhøve.
Tiltak:	Øygarden, Sund og Fjell har plan for ivaretaking, bruk og formidling av kulturminne langs Nordsjøløypene – planen bør rullerast. Registrera fortøyingspålar og laga ein plan for korleis me skal ta vare på eit utval av pålane. Måla opp nokre av blinkane ved pålar som vert markerte og ivaretekne.

Fortøyingsboltane og vardane langs kysten formidlar del av ei viktig historie om kystkulturen vår. Me ønskjer sterkt å ta vare på slike kulturminnesmerke. Dette kan mellom anna gjerast ved at minnesmerka i skjergarden vert istandsette, vedlikehaldne og gjenstand for brei formidling.

Kapittel 5 Kyrkjer, bedehus og offentlege bygg

Øygarden er landstripa på vestsida av Hjeltefjorden. Eit sermerke for området var at det fram til 1875 ikkje var eitt bygg i området med hovudfunksjon for religiøs verksemd. Før

Øygarden som kommune vart danna, høyrde heile området anten til Herdla- , Hordabø- eller Manger kyrkje. Landstripa sokna til prestegjeld som hadde kyrkjebygga sine på austsida (innsida) av Hjeltefjorden. Skulle ein til kyrkje og ta del i religiøse handlingar, måtte ein kryssa Hjeltefjorden. Både Manger og Herdla har hatt kyrkjebygg attende til tidleg 1100-tal og kyrkjene har hatt ein samanhengande tradisjon heilt til vår tid. Bruken var knytt til gudstenester og alle tilhøyrande handlingar, omkring fødsel og dåp, konfirmasjon, bryllaup og gravferd.
Fram til 1875 var det til dømes ikkje mogleg å gravleggja i Øygarden. Alle vart gravlagde anten på Manger/Hordabø eller på Herdla. I religiøs, historisk perspektiv, vil såleis Manger-, Hordabø- og Herdla kyrkje med tilhøyrande gravplassar vera dei fremste kulturminne også for folk i Øygarden. Me har kjennskap til at folk i Øygarden tok del i arbeidet i kyrkjene på innsida av fjorden, og me har kjelder som syner at det vart frakta stein frå Øygarden då Herdla kyrkje vart bygt i 1860-åra. (Bygdeboka for Vik i Øygarden)

Fleire stader i Øygarden har det funnest bautasteinar som kan ha hatt religiøs tilknytning. Slike bautasteinar har me framleis på Hernar.

Vest på Toftøyna er det ein stor stein som vert kalla Karipålur. Det vert fortalt at folk gav eit lite offer ved steinen når dei gjekk forbi. Ofte var det slik at folk hadde arbeid med fisk og fangst på vestsida av øya og i desse områda kunne dyra beita om sommaren. Når dei skulle på arbeid vest på øya, hadde dei mat med seg heimanfrå. Når dei gjekk forbi Karipålur, kasta dei litt mat (ofra)på steinen. Truleg var det von om at ofringa gav lukke, og kanskje trudde dei at det kunne føra til ulukke om dei ikkje gjorde det. Handlinga var mest sannsynleg gjort i von om god lukke i fiske og fangst.

Hjelme gamle kyrkje

Det eldste sakrale bygget i Øygarden er Hjelme gamle kyrkje. Den ligg inst i Hjelmevågen, på eit lite eid mellom vågen og Hjeltefjorden. Heilt opp til kyrkjetomta ligg nausta og sjøbuene i Hjelmevågen, og like ovanfor, på bøane, ligg bustadhusa på Hjelmegarden. Plasseringa er unik, for den synleggjer samanhengen mellom sjøen, folket og kyrkja, og tydeleggjer bandet som dette ein gong var med tilkomst frå sjøen både på vågen og fjorden. Kyrkja vart oppført i 1875, og svært mange element som er originale frå den første tida, er bevarte. Arkitekten var Jacob Wilhelm Nordan.
Tømmeret til kyrkja vart frakta frå Sogn og inn i Hjelmevågen (Hjelmekølpa, kyllaren) og tilverka på staden.
Same året som kyrkja vart vigsla (1875), tok ein også i bruk ein gravplass som var lagt rundt bygget. Fordi gravplassen hadde for lite jorddjupne til å tilfredsstilla pålagte vilkår for gravleggjing, fekk folket i Ytre Bø sokn (som Hjelmo då heitte) pålegg om å levera ei viss mengde jord (det ein kunne frakta i ein færing) til denne siste kvilestaden ved Hjelme kyrkje.

Hjelme gamle kyrkje, frå 1875. Foto Kystmuseet i Øygarden

Sommaren 2018 vart det igangsett ei rehabilitering av kyrkja etter initiativ frå Øygarden kommune. Fem millionar kroner er sett av til vedlikehaldet.
Hjelme gamle kyrkje er eit vesentleg kulturminne, men er stengd for allmenn bruk grunna manglande bygningsteknisk tryggleik. Kommunen har difor prioritert å løyva midlar til å sikra og setja i stand bygget for at det igjen kan opnast. Budsjettet er samansett av tilskot frå staten (Tiltakspakke for auka sysselsetting på Vestlandet - 2017), kyrkja, og Øygarden kommune. Prosjektering starta i 2017, med gjennomføring i 2018/19. Det var meir omfattande skadar på tårnet enn det som var mogleg å avdekka i tilstandsrapporten. Totalbudsjettet er 12 millionar, inkl. mva. Av dette er 6,5 millionar kroner ekstern finansiering.
Kyrkja er underlagt vern som ei såkalla «Listeført kirke etter 1850». Dette betyr at alle tiltak ut over normalt vedlikehald, skal godkjennast av biskopen i Bjørgvin før igangsetjing. Biskopen innhentar vurdering frå Riksantikvaren som del av si saksbehandling.

Disse tiltaka er prioritert for rehabilitering:
Skadar i konstruksjon på tårn & spir
Byte av kopartak
Omlegging av skifertak
Tak:Utskifting av lekter, under skifer
Tak: Erstatning av øydelagt skiferstein
Utandørs: Fjerning av festivaltoalett som står inn til kyrkja, ikkje i bruk siste åra
Tak: Nytt stålspir på tårnet
Fasade: Omlegging av kledning i samband med arbeid på tårnet
Fasade: Maling av ytterveggar, øvre del av Tårn

Piper: Utbetring av den delen av teglsteinspiper i sakristi som er over tak, utsette for vêr og vind
Piper: Utbetring av den delen av den nyare lecapipa i skipet, over yttertak, utsette for vêr og vind,
Fasade: Ny kledning for øydelagde bord i skipet,
Fasade: Maling nedre del,
Vindaugo: Restaurering på verkstad for å sikra god opptørking og feste av nytt kitt.
Vindaugo er høge og har til dels ganske dårleg treverk i sprossar

Følgjande punkt er ikkje inkluderte i denne rehabiliteringa:
Piper: Utbetring innvendig, i sakristi
Piper: Utbetring innvendig, i skip
Elektro
Utandørs: Natursteinsmur og portstolpe
Utandørs: Uthus - utbetring & måling

Blomvåg kyrkje

Herdla kommune kjøpte tomt til denne kyrkja på Blomvågnes. Folk i soknet gjorde dugnad og arbeidde opp grunnmur og kyrkjebygg. Kjøpmann Ingvald Nielsen, bror til eigaren av handelsstaden på Berget, betalte for det dei måtte kjøpa av varer og tenester til bygget. Arkitekt var Carl Berner. Kyrkja vart innvigd i 25. november 1931. Blomvåg kyrkje er ei einskipa langkyrkje med kor og våpenhus i tømmer, i same breidde og høgde som skipet. Over våpenhuset i vest vart det bygd eit lite tårn. Ytterveggane i borggarden på sørvestre side av skipet, er mura av naturstein og sement. Tidlig på 1970-tallet vart det bygt nytt sakristi vinkelrett nordover mot veggen av koret.

Blomvåg kyrkje, frå 1931 og med seinare tilbygg slik den er i dag . Foto Kystmuseet i Øygarden

Den delen av Øygarden som på denne tida låg i Herdla kommune, nytta gravplassen ved Herdla kyrkje. I 1941, då den tyske okkupasjonsmakta tok over kyrkja og gravplassen på Herdla, vart det kjøpt noko dyrka mark like vest for kyrkja på Neset i Blomvåg. Denne teigen vart stelt til som gravplass. Gravplassen er omgjeven av ein tørrmur av flate natursteinar og har eigen inngang nordvest for inngangen til kyrkja. I 1954 vart kyrkjegarden utvida første gongen, og seinare er ein ny gravplass lagt litt nord for kyrkja på Blomvågnes.
I tidsrommet frå omkring 1850 og framover mot 1900 vart det bygt svært mange kyrkjer i landet, med store endringar i arkitektur og byggjetekniske løysingar samanlikna med tidlegare bygg. Denne utviklinga held fram på 1900-talet. Nokre kyrkjer som er bygde etter 1850, har difor vorte verna som særleg interessante arkitektoniske eller kulturhistoriske representantar for si tid (Rundskriv Nr T – 3/00 frå Riksantikvaren datert 02. 05. 2000). Både Hjelme gamle kyrkje og Blomvåg kyrkje er verna etter desse kriteria.

Grunnsteinen til Blomvåg kyrkje vart lagt ned i 1930 og mykje folk var samla. Dette var nok ei storhending for folket i Øygarden. Foto Kystmuseet i Øygarden.

Hjelme kyrkje

Kyrkja på Seløyna mellom gardane Sele og Bakken sør for tettstaden Hellesøy, vart teken i bruk i 1971. Kyrkja fekk med seg namnet frå den gamle kyrkja, fordi mange meinte at gamle Hjelme kyrkje skulle rivast. Den nye kyrkja er teikna av arkitekt Arne Halvorsen og har eit uttrykk som gjev assosiasjonar til sjøhus og naust. Det er ei langkyrkje med veggar av glattpussa mur. Bygget er retta nord-sør, med koret i veggen mot nord. Det høge saltaket er ope til røstet. Kyrkja har 340 sitjeplassar. (Bilete)

Bedehus

I tida etter reformasjonen (tida etter 1537) vart det vanleg med religiøse husmøte. Me kjenner til Hans Nielsen Hauge og vekkinga han skapte. Husmøte vart også haldne i stover i Øygarden i tida før det kom faste skulehus og seinare hus spesifikt etablerte for religiøse møte. Mellom anna var det tradisjon for at å halda religiøse samlingar i Adnastova og også i mange andre stover rundt i grendene. I kjelder frå Herdla prestegjeld frå 1850 og utover skriv prestane om møte dei har vore på i Øygarden. Dette er godt skildra i bygdeboka for Vik.
Det første bedehuset i Øygarden vart bygt på Nautnes i 1902. Emissæren Mons Olsen frå Stavangeområdet tok etter husmøte på Nautnes initiativet til å få bygd huset. Mons Olsen skaffa materiale frå Rogaland og frakta den med båt til Nautnes. Peder Valvik frå Kinn var ansvarleg for byggjearbeidet. 14. september 1902 vart bedehuset vigsla av biskopen i Bjørgvin. Bedehuset fungerte i utgangspunktet som møtelokale for Seløyna og nordre del av Alvøyna.
Huset er framleis i bruk og vert vedlikehalde utan at bygget avvik mykje frå originalen.

Nautnes bedehus (gnr/bnr 6/42) i dag, like ved Nautnesbrua. Huset er framleis eit fint bygg, sjølv om alle dei hengande leidningane er skjemmande for eit kvart auga. Foto: Øygarden kommune 2019.

Det vart til saman bygt 15 bedehus i tida frå 1902 og fram til 1962. Sjølv om ein tek omsyn til det vanskelege trafikksambandet som det gjennom året kunne vera mellom øyane og grendene, er dette talet uttrykk for ei veldig prioritering. Før 1870 var både bustadhus og alle andre hus i området av heller beskjeden storleik. Det var difor eit veldig løft for folket at det vart reist heile 15 hus til dette særskilte føremålet. Det gjev ein peikepinn på kor stor kraft det låg i verksemda knytt til bedehuset.

Bedehusa har til dels også fungert som kulturhus i grendene. Det har vore stad for møte og samlingar av ymse slag, i første rekkje sjølvsagt av religiøs natur. Mange øygardingar har i desse husa sett sine fyrste filmar og høyrt historiar frå alle verdshjørne: Mandsjuria (Kina), Tananarive (Madagaskar) og andre misjonsmarker, eller frå betelskipa sine seglingar på Norskekysten, og sjølvsagt også sett dramatiske skildringar av kva eit liv i svir og drykk kan føra til.

Dette er bedehusa i Øygarden:

Namn og stad	**Byggjeår**	**Merknader**
Nautnes	1902	I bruk som bedehus.
Torsvik	1915	I bruk som bedehus
Hellesøy	1915	I bruk som bedehus
Blomvågen	1930	I bruk som bedehus
Norde Sele	1936	Tidlegare skulehus på Bakken. Er i privat eige no.
Vik	1937	I bruk som bedehus. Dette huset er bygt om og laga større.
Alvheim	1952	Grendehus, planlagt rehabilitert
Hernar	1953	

Rong	1953	Huset vart bygt opp over ein periode frå 1943 til det stod ferdig i 1953. Øygarden kommune har no kjøpt huset.
Tjeldstø	1954	
Herdlevær 1955	1955	Breivik gamle skule vart flytta hit og teken i bruk som bedehus. Skulen vart teken ned og frakta om Svanevika og ut hit til Herdlevær. I dag grendehus.
Oen	1956/57	I bruk som bedehus. Tidlegare ungdomshus i Salhus.
Toft	1960	Forsamlingshus for krinsen.
Blom	1961	Mykje av materiala som vart nytta i huset stammar frå ei tysk militærbrakke på Ulven. I bruk som bedehus.
Stura	1962	Delar av dette huset har tidlegare vore eit hus i Bergen. Huset er framleis i bruk og der er ikkje formelle endringar samanlikna med tidlegare. Huset vert teke vare på og er litt i bruk for folk i grenda.

Grendahus på Herdlevær

Breivik gamle skule vart altså flytta til Herdlevær og teken i bruk som bedehus. Skulen vart riven og frakta om Svanevika og ut til Herdlevær. I dag er huset i bruk som grendahus.

Bedehuset Vonheim på Herdlevær. I dag i bruk som grendahus. Foto Øygarden kommune 2019.

Vik bedehus vart først reist i 1937, men er fleire gongar påbygt og ombygt. I dag er huset eit moderne hus med rom for fleire aktivitetar og fungerar både som eit bedehus og grendahus.

Frå eine møtesalen i Vik bedehus. Foto Øygarden kommune 2019.

Tiltak

Tiltak:	Ivareta kommunal støtteordning til grendelag som ønskjer å ta vare på sitt bedehus. Utarbeide retningsliner for vern av byggeskikk ved rehabilitering av bedhus/samfunnshus. Kultursamarbeid og konserter i kyrkjer og bedehus, som til dømes guida turar til Hjelme gamle kyrkje.

Dei første (halv)offentlege bygga i Øygarden var buer som vart **sette opp** eller **leigde for å husa administrasjon og** ordningar **ved** inkreving av avgifter. Slike buer fanst fleire stader. Me veit at det var ei slik på Fløskjeret (Yssenskjeret)**,** og at bua truleg står som eit hus i Solsvik den dag i dag (Kjell Terje Dåvøy, Havstrilen 2001)

Det gamle kommunehuset i Hjelme kommune

Kommunehuset i Hjelme kommune er frå 1961. Huset var fyrst skulehus i Hatten krins frå omkring 1895 og stod om lag der Skjergardsheimen er i dag. Huset vart flytta til denne tomta på Norde Sele i 1934 og var i bruk som kommunehus fram til Hjelme vart ein del av Øygarden kommune i 1964. Huset står framleis på denne tomta, men er no eit privat bustadhus.

Huset bak er det gamle kommunehuset i Hjelmo. Huset står framleis, men er no ombygt til ein privat bustad. Huset framfor er no borte. I bakgrunnen ser ein vegen nordover mot Bakken og ein avstikkar er anlagt mot Norde Sele. Foto Kystmuseet i Øygarden.

Det gamle kommunehuset på Tjeldstø

Ei særs viktig sak straks etter at Øygarden kommune vart etablert i 1964, var å få oppført eit kommunehus der dei kommunale tenestene kunne lokaliserast.
Følgjeleg vart det reist eit kommunehus på Tjeldstø og seinare også ein sjukeheim like ved. I dag er begge desse bygga omgjorde til bygg for private husvere.

Første kommunehuset i Øygarden kommune sto ferdig i 1969. I dag er huset ombygd til ei bustadblokk. Foto Øygarden kommune 2018.

Kommunalt senterområde på Rong

Senterområdet omfattar i dag rådhus, kulturhus, sjukeheim og omsorgsbustader, dessutan Hjeltefjorden arena. I 1997 vart nye Øygarden ungdomsskule teken i bruk, også den innanfor dette senterområdet. Skulen fekk i 1998 pris for god byggeskikk, og ligg vakkert i terrenget. Så å seia heile det offentlege senterområdet har ein arkitektur og estetikk med tydelege røter til tradisjonell byggeskikk i Øygarden. Ein har gjort ei meir varleg tilnærming til landskapet. Det samsvarar godt med målet om å byggja moderne hus i Øygarden utan at landskapet vert omdanna til utflata ørkenlandsskap. Det kuperte terrenget må tvert imot verta inkorporert i bygga.

Øygarden ungdomsskole med bunad som me kjenner att frå sjøbruksmiljø. Skulen fekk pris for god byggeskikk. Foto Øygarden kommune 2019.

Bilete frå senterområdet på Rong. Nesten alle bygga på austsida av Øygardsvegen (som deler området i to) er kommunale bygg. Foto Øygarden kommune (www.blomweb.com).

Skular

Lova om allmennskulen kom i 1860; kalla fastskulelova, fordi den inneheld krav om at det skulle vera eigne skulebygg for undervisning. Det var denne lova som etter kvart sette fart i byggjinga av skulehus også i vårt område. Grender som låg inn til kvarandre, måtte dele skulehus. I førstninga førte dette til at mange barn dagleg måtte ha båtskyss for å komma på skule.

Dette biletet syner vegen ned til Sjurvika i Blomvåg. Vegen vart laga i åra mellom 1932 og 1934. På andre sida av vågen ser me det gamle skulehuset og utedoen. Dette var eit av dei første skulehusa i kommunen og elevane kom både frå Blomvåg og Rong. Elles ser ein løa på

gnr. 40 bnr 2 og til venstre den gamle Bråtestova. Naustet tilhøyrde ein strandsitjar. Berre huset heilt til venstre står framleis. Foto Kystmuseet.

Skular i Øygarden

Stad og namn på skule	Byggje år	Merknader
Sulo skule	1918	Privat eige som bustad.
Hernar	1955	Det var skule der frå tidlegare og, men denne vart flytta og gjort om til bustad.
Bakken	1890	Privat eige.
Hatten	1895	Skjergardsheimen.
Alvheim		Privat eige. Ny skule på Tjeldstø.
Breivik		Barnehage.
Blomvåg	1878	Borte, riven. Ny skule på noverande plass.
Rong	1915	Gamle Alvheim skule vart flytta til Rong.
Toft	1864	Det gamle skulehuset vart flytta til Turøy.

Kulturarven som forsvinn. Desse skulane er nemnde i kulturminneplanen for å fremja medvit og kunnskap og for å visa denne heilt sentrale delen av Øygarden si historie .

Tjeldstø skule vart teken i bruk hausten 2015. Noko av Øygarden sitt landskap er teke inn i utforminga av bygget. Foto Øygarden kommune 2017.

Kystmuseet

Eit sers vesentleg skilje i arbeidet med kulturminne og med å samla kunnskap om livet på øyane, fann stad då Øygarden i 1996 fekk eige museum. Kystmusèet er eit kulturhistorisk økomuseum med særleg fagkunnskap knytt til kystkulturen i Hordaland generelt og til området Øygarden spesielt.

Hovudbygget til musèet gjev assosiasjonar til dei store sjøhusa. Det ligg tett ved den gamle støa og dampskipsbryggja i Ovågen. Til musèet høyrer fleire autentiske bygg, mellom anna fleire naust, ei stor saltebu og to bustadhus. Like ved musèet ligg ei samling privateigde naust og sjøbuer. Her finn ein og Steinbåten, ei innretning frå tida då vågen var kasteplass etter sild og makrell. Til saman utgjer dette eit autentisk sjøbruksmiljø og eit levande kulturminne, til inspirasjon for anna byggjeverksemd i kommunen.
Kystmusèet har som mål å synleggjera samanhengen mellom den historiske og dagens kystkultur, med eit særleg søkelys på energi og ressursar. Kystmusèet i Øygarden er eit museum som formidlar den lange busetjingshistoria frå steinalder, 14 000 år attende, fram til moderne olje- og gass-samfunn. Kystmusèet i Øygarden er valt som kommunen sin tusenårsstad. Museet har ei fast utstilling, "Livet ved havet", som tek for seg korleis kystfolket har nytta energi og ressursar gjennom historia. Musèet har til saman 12 bygningar som syner ulike typar hus som fanst i den gamle fiskarkulturen. Musèet har også ei stor båtsamling.

Kulturminne og bygg på Kystmusèet i Øygarden

Steinbåten

Steinbåten er eit verneverdig kulturminne (installasjon) knytt til landnotfiske. Den ligg inst i Ovågen. I vest ligg Husneset og ei vik som heiter Kvitvikja, på nordsida ligg Nakkjen. Steinbåten er murt opp på ei undervassflu. Sjølve båten er i tørrmur ca seks meter lang og ca to meter brei.
Anlegget vart brukt slik at nota vart halt (dregen) på det når dei kasta etter sild og makrell med landnot sør i vågen. Fisken blei ståande i nota, som ein merd inn mot land, til fangsten vart seld. Steinbåten vart nytta ved kast fram til byrjinga av 1900-talet, men me kjenner ikkje til når den vart sett opp. Steinbåten er restaurert av Sjøfartsmuseet og har vernestatus.

Saltebua på Kystmuseet

Saltebua utgjer ein del av sjøbruksmiljøet i Ovågen. Sjøbua er flytta frå Norde Selevågen og sett opp i Ovågen i 1947. Saltebua har vesentleg verdi som kulturminne. Den ligg ved den gamle dampskipskaia ved Kystmuseet. Dei store saltebuene er spesielle og historisk sett interessante som eit bilete av kysten si historie, der fisket har vore viktigaste næringsvegen i mange hundre år.

Saltebua i Ovågen. Foto Kystmuseet i Øygarden.

I Saltebua har musèet verkstad. og kaldlager for gjenstandar. I samband med etablering av Øygarden Visningssenter, vart det i første etasje opna ei utstilling om havbruk.

Smia ved Kystmuseet

Utanfor Kystmusèet har ein bygd opp ei tradisjonell smie og her vert smiehandverket formidla. Smia er i eit tradisjonelt grindhus med grue, esse og ambolt. Musèet har ei unik samling av reiskapar og utstyr knytt til smedverksemd.

"Brøllahuset" Oen, Heimtun gnr 43, bnr 16

Brøllahuset er opprinneleg eit smalehus. (tidlegare eigd av Brølla, som truleg er av 'Brynhild') Smalehuset er mura i tørrmur med torvtak, 480 cm langt og 350 cm breitt, og er mogleg bygd på

Brøllahuset i Ovågen. Foto Kystmuseet i Øygarden.

1800- talet. Det vart restaurert våren 1999. Brøllahuset er eit godt døme på at byggjeskikken i Øygarden er ein del av den nord-atlantiske tradisjonen. Huset har vore nytta som sauefjøs.

Strandberg gnr 43/bnr 02

I 2010 kjøpte Kystmusèet den vesle eigedomen med huset Strandberg (Theahuset). Huset er ei lemstove som innan vestlandsk byggjeskikk var særleg utbreidd på 1800-tallet. Bustadhuset er bygd opp av to laftekasser og med eit skot imellom. Skotet vart brukt til kjøkken, og på kalde dagar til arbeidsrom, medan den eine laftekassa var kvardagsstove. Den andre var finstove som berre vart oppvarma ved særskilde høve. Eitt av særtrekka er at stoveroma kan ha ulik alder og form.

Strandberg i Ovågen. Foto Kystmuseet i Øygarden.

Heile konstruksjonen har ei ytterhud i form av plank. Då ein gjekk over frå røykomn til pipe, kunne dei ha lem i overetasjen. Lemmen eller loftet vart brukt som soverom, og gav isolerande effekt til etasjen under.

Andreasnaustet og Steinnaustet

Kystmuseet har to naust framfor hovedbygget. Begge er typiske døme på dei små nausta som ein finn i sjøbruksmiljøa i Øygarden. Det eine er eit steinnaust med torvtak, det andre er eit grindanaust. Bygga er truleg frå 1800-talet. Nausta vert nytta til å visa båtar, fiskereiskapar og å formidla heimefiske på 1800-talet

Nakkestøvo, gnr/bnr 43/16

Kystmuseet eig lemstova kalla "Nakkestøvo". Dette er ei lita lafta stove frå 1800-talet, med ein liten gang som inneheld kokeplass og trappe opp til lemmen.

Nakkestova i Ovågen. Foto Kystmuseet i Øygarden.

Slike små hus var vanlege i Øygarden for 150 år sidan. I dag er det svært få att. Difor er det svært viktig å ta vare på Nakkestøvo, og setja denne i stand.

Kvernhuset ved Kvernepollen

Bileta syner kvernhuset som er attreist i utemarka på vegen mot Kolsnes. Foto Kystmuseet i Øygarden

Kvernhuset er også eit kulturminne med høg verdi. Det syner fiskarbonden sitt finstilte energihushald. Kvernhuset som ligg ved Kvernepollen, vart oppattbygt i 1996. Den er eit minne som syner korleis kystfolket gjennom mange hundre år har nytta vasskrafta som energikjelde. Demninga og delar av sløka er intakt, vassrenner og kvernekall vart istandsette i 1996. Kvernhuset var truleg i bruk seinast under Andre verdskrigen.

Kvernhuset sett frå sør. Foto Kystmuseet i Øygarden.

Smalehus – Breivik, bruksnr. gnr/bnr 45/63

Kystmuseet har eit eldre sauefjøs i stein som vart donert av tidlegare eigar. Bygget viser den nord-atlantiske byggjeskikken, der ein nytta stein som byggjemateriale. Bygningen står på sin opphavelege stad og vart truleg bygd kring 1800.

Sauehus av naturstein Breivik gnr/bnr 45/63. Til venstre eit tørkehus/korntørke. Foto Øygarden kommune 2019.

Tørkehuset i Breivik

Før det vart restaurert, sto berre murveggane att av tørkehuset på Breivik. Huset har ei enkel grue med ei steinhelle over, der kornet vart tørka. Dei tre gardane på Breivik gjekk saman om å tørka korn, som vart nytta til ølbryggjing. Folket på gardane var kjende som flinke ølbryggjarar. Tørkehuset kan i form minna om dei mange potetkjellarane som vart bygde, då poteta kom i bruk på slutten av 1700-talet.

Fjæremannshuset i Breivik

Eit fjæremannshus var til for fiskarane som kom innom fjorden (Fjordamann). Slike hus trur me har vore i bruk i regionen heilt attende til folkevandringstida, ca 200 e.Kr. Fiskarar kom kvart år til Øygarden for å ta del i fisket. I dei ørande små husa budde ofte fleire menn i lag. Her sov dei, lagra torv, turka kleda og vølte fiskeutstyret. Husa stod til vanleg på leigd grunn, og var plasserte slik at bygg og støveltrakk ikkje kunne verta til skade for åker eller eng. Husa låg oftast heilt i strandkanten, rett oppom flodmålet, men gjerne i livd av ein fjellknaus. I alle fall måtte det liggja nær ei fjære, der det var lett å dra båtane på land og ha tilsyn med dei.

På jordet i Breivik sto eitt av dei siste kjende fjæremannshusa i Øygarden. Det vart flytta dit frå Breiviksundet på slutten av 1800-talet. Eigaren ønskte at Kystmuseet skulle ta ansvar for det. Fjæremannshuset vart grundig dokumentert, oppmålt og fotografert før det vart rive og mellombels lagra i musèet sin rubbhall på Kollsnes.

Sjøbu i Breivik

Sjøbua i Breiviksundet (gnr/bnr 45/6) Foto Kystmuseet i Øygarden.

Denne høyrer til Kystmuseet, og er ei lita sjøbu som ligg heilt i flomålet på ei berghylle. I storleik og arkitektur minnar den om fjæremannshusa frå forhistorisk tid og mellomalder, men det har ikkje vore mogleg å bu i sjøbua. Den er knytt til fiskeri og nytta til oppbevaring av fiskereiskapar og utstyr. Bua som viser tradisjonell byggjeskikk og –teknikk, kan også seia oss noko om gamle drifts- og arbeidsmetodar. Sjøbua er spesiell og har ein særeigen takkonstruksjon.

Sjøbua sett frå sør Foto Kystmuseet i Øygarden.

Igjen: Dette er kulturminne av høg verdi, og dei må verta ivaretekne. Samfunns- og kulturhistorisk kan dei til dømes formidla kunnskap om korleis generasjonane før oss greidde seg i tider med knappe ressursar.

Kaien

Dei gamle kaianlegga i Øygarden er i ferd med å forsvinna. Kaien i Ovågen er difor verneverdig, og er sers verdefull for museet. Kommunestyret har regulert den gamle dampskipskaien til museumsområdet, og kommunen har kjøpt kaien for å utvikle område til eit levande opplevingsmuseum med aktivitetar og bygg.
Det framgår av møtebok for «Hjelme & Herdlø D/S» at kaien i Ovågen vart bygd i 1924. Kaien i Ovågen var i mange år knytt til rutetrafikken mellom Øygarden og Bergen. Sjølve kaien i Ovågen vart mura opp som tørrmur, og ligg i forlenging av den kommunale vegen. I dag har den eit støypt dekke på ca 250 kvm. Kaisida er 20 meter i front, og djupna ved kai er 3,5 / 4 meter.

Målsetting og tiltak

Målsetting:	Bevare dei kulturhistoriske bygningane knytt til Kystmuseet i Øygarden. Utvikle kaiområde til ein levande museumsarena Sikra kunnskapen om ein 2000 år gamal tradisjon knytt til fjæremannshusa.
Tiltak:	Gje eit tilbod til skulane og arrangera kurs der alle kan få prøva smedhandverket, bruk av kvernhus, bruk og vedlikehald av tradisjonsbåtar m.m. Å setja fjæremannshuset opp att ved museet og formidla fiskerihistorie og kystkultur heilt tilbake til jernalder og vikingtid. Byggje eitt arbeidsnaust for istandsetjing av tradisjonsbåtar. Byggje formidlingsarena på kaiområde ved museet i samarbeid med fylkeskommune og næringslivet.

Kapittel 6 Tekniske og industrielle kulturminne

Dei viktigaste verksemdene i Øygarden før olje- og gassindustrien vart etablert, har alltid, med få unnatak, hatt ei eller anna tilknytning til sjøen, fiske og fangst. Det moderne fiskeoppdrettet høyrer til denne kategorien.
Kvalstasjonen i Blomvåg, heilt på vestsida av Blomøy, saman med hermetikkfabrikken nord på Hellesøy, var før den omfattande olje- og gasstilknytta industrien, dei største verksemdene på land i kommunen. Begge desse verksemdene var avhengige av fangstbåtar som skaffa råstoff til produksjonen.
Olje- og gassanlegga på Stura, Kollsnes og i Kollnes næringspark er alle etablerte i tilknytning til olje- og gassutvinninga i Nordsjøen.
Me veit at det omkring 1850 vart etablert eit trankokeri på Herdlo på Skogsøy, sjå artikkel om dette av Kjell Terje Dåvøy i Havstrilen 2017. Det er mogleg at eit steinbygg utan tak som framleis står på denne staden, i si tid hyste det gamle trankokeriet.

Krabbefabrikken på Hellesøy

Denne låg like til venstre når ein kjem over brua til Hellesøyna, og var i drift frå ca 1925, fram til om lag 1935.

Hermetikkfabrikken på Hellesøy 1916 Nedlagd 1998

Der rorbuene no er å sjå på Hellesøy, låg hermetikkfabrikken. Verksemda starta i gamle sildebuer like etter 1900. Seinare vart det ført opp eigne bygg til produksjonen. Bygga er no heilt borte.



Flyfoto frå Hellesøyna. Dei store husa til Hermetikkfabrikken på Hellesøy er no heilt borte. Nothengja står til venstre og bak ser vi bedehuset. I sundet til høgre innom brua låg krabbefabrikken som er nemnd i teksten. Foto Kystmuseet i Øygarden.

Kvalstasjonen ved Eikjelen på Blomvågnes

Stasjonen vart etablert i 1912 og hadde meir eller mindre samanhengande produksjon til 1956. Alle bygga er no borte og det er lite som er synleg etter verksemda til kvalstasjonen. Dette er også staden for nokså ukjende hendingar frå mellomkrigstida, då arbeidarane la ned arbeidet og vart møtte med massiv motstand frå offentlege maktinstitusjonar av ulikt slag.



Biletet syner heile anlegget til Blomvåg Hval A/S slik det var fullt utbygt. Foto Norsk luftfoto A/S, Kystmuseet i Øygarden.

Sandtørka i Kjøpmannsvågen på Toftøyna og i Søre Selsvågen (Norde Sele)

Øygarden er den kommunen i Hordaland som har dei største førekomstane av skjelsand. Ikkje utan grunn var dei einaste tørkeanlegga for skjelsand på Vestlandet å finna i Øygarden. Desse verksemdene hadde produksjon frå 1951 og fram til ut på 2000-talet. Sandtørkene hadde båtar som grov opp skjelsanden som så vart frakta inn til verksemda, reinska, vaska og tørka og seld som kalktilskot i dyrefor og som strøsand. Bygningane frå drifta står framleis.

Sandtørka i Kjøpmannsvågen på Toftøyna gnr/bnr 36/7. Foto Martin Sulen/Kystmuseet i Øygarden.

Pengeskapfabrikken

Rong Stål låg i Svartevika (ved Ulvsundet) på Rong. Verksemda vart starta opp av Jens Rong (ordførar i Herdla). Like etter andre verdskrigen overtok han militærbrakker frå flyplassen på Herdla etter dei tyske okkupantane. Materiala vart frakta til Rong og fabrikken bygd om lag slik den og er i dag. Verksemda produserte brannsikre skap og dører heilt fram til januar 1985. Då vart fabrikken tømt og maskinane selde til ein skraphandlar. I dag er det anna verksemd i bygga.

Fabrikkbygget til Rong Stål gnr/bnr 38/168. Her vart det i mange år produsert brannsikre dører og skap. Til venstre ser ein huset i Svartevika, der den første butikken på Rong held hus. Foto Øygarden kommune.

Sildesalteri

Å salta sild har vore ein aktivitet med lange tradisjonar i Øygarden. Nokre av dei gamle buene står framleis i støene i kommunen.

Til venstre ser me den gamle saltebua i Knarvik. Gnr/bnr 41/10 og til høgre ei saltebu som var ny i 1949. Foto Øygarden kommune 2018.

Sildesaltebu frå 1920 på Selstø, gnr/bnr 39/26. Seinare, i 1960- og 1970-åra var det i lengre tid rekemottak og fiskemotak i denne bua. Foto Øygarden kommune 2019

Gamle saltebuer på rekkje og rad. Her frå Alvheim. Slike saltebuer står det framleis mange stader i kommunen. Foto Øygarden kommune 2018.

Kystmuseet i Øygarden har overteke den gamle saltebua i Ovågen (Bilete). Det står framleis saltebuer på Alvheim (Bilete) og på Hjartøyna. (bilete) Også andre stader i kommunen kan ein sjå større og mindre buer som vart nytta til sildesalting. (bilete av saltebuene i Nordevågen på Norde Sele).

Denne staden, no gnr/bnr 40/1 på Ulvøyna mellom Blomøy og Rongøy, vert kalla Salthella. Her vart det somme tider, før dei store saltebuene vart bygde, salta sild etter at notelaga hadde gjort gode fangstar i området. Foto Øygarden kommune 2019.

Nothengja på Hellesøy

På Hellesøy er Nothengjo freda. 'Hengjo' vart bygd tidleg på 1950-talet, og den var så stor at det gav plass til to nøter. Nøtene som var av bomull, måtte tørka slik, elles ville dei rotne. I 1993 vart det utført ei delvis restaurering av Hengjo. Mykje som måtte gjerast, mange vinterstormar hadde herja, slik at ein mellom anna måtte setja opp nye stendarar og bytta vindauge. Lokalbefolkninga har gjennom "Hengjos venner" arbeidd i fleire år for å redda Hengjo, som er eit signalbygg for Øygarden, og einaste av sitt slag i kommunen. Målet er at Hengjo skal bli eit attraktivt kulturbygg og aktivitetssenter til bruk for bygdene i området og for heile kommunen. Nothengja høyrer inn under Kystmuseet i Øygarden, med avtale om at "Hengjos venner" skal stå for utvikling og drift. I 2016 fekk «Hengjos venner» to millionar frå fylkesmannen for restaurering.
Nothengjo representerer ein viktig del av historia om Øygarden som fiskerikommune. Den skal bli ein kulturell møtestad. Hengjo vart bygd medan silde- og størjenøtene framleis vart laga av bomull og hamp, og difor trong å tørkast og vedlikehaldast for ikkje å rotna. Etter planen skal Hengjo stå ferdig i 2019.

Bilete av Nothengjo slik denne var, då den var i bruk. Foto Kystmuseet i Øygarden.

Smia i Kjøpmannsvågen

Bortsett frå mindre gardsmier er det tre kjende verksemder som i nyare tid har drive med smiding i Øygarden. For det første fanst det smedverksemd som del av kvalstasjonen i Blomvåg. Ved slippen på Tjeldstø kunne ein også få hjelp av ein smed, i samband med installasjonar og reparasjonar i fiskebåtar. I tillegg var det smie og mekanisk verkstad i Torsvik. Anton Torsvik fortel såleis at faren Anders Torsvik (f.1893) frå 1920-talet dreiv smie i eit omarbeidd naust. Her produserte han varmeomnar, linespel, krøppelspel (vinsj) og anna utstyr til fiskebåtar som han hadde patent på. Då AntonTorsvik overtok etter faren på slutten av 1950-talet, vart smedverksemda flytta til eit større lokale i Kjøpmannsvågen på Toftøyna. Dette var ein verkstad som var i drift fram til 1989, med fleire tilsette. Smia kunne også yta hjelp til båtar som hadde ulike motorproblem, yta hjelp ved andre tekniske problem om bord, eller som ved installasjonar i båtane av ulikt slag.

Stureterminalen

Stureterminalen vart etablert i 1988 og er ilandføringsstad for olje og konsentrat frå Osebergfelta, Veslefrikk, Brage, Tune, Huldra og Grane, gjennom rørleidningar frå Nordsjøen. På Terminalen vert olja lagra i fjellgrunnen før den vert frakta vidare med tankbåtar på opp til 300000 tonn. Våtgass og LNG vert transportert gjennom røyrleidning til Mongstad. I dag er det Equinor som er operatør for terminalen.

Stureterminalen. Foto Kystmuseet i Øygarden.

Gassanlegget på Kollsnes

Gassanlegget på Kollsnes tek imot gassen frå Kvitebjørn-, Visund- og Trollfeltet som er det største gassfeltet i Nordsjøen. På Kollsnes vert gassen behandla og sendt vidare gjennom gassrøyr til Frankrike, Nederland, Belgia, Tyskland, Tjekkia, Austerrike og Spania. Noko av tunggassen som vert skilt ut, går i leidning til Mongstad for vidare bearbeiding. Bearbeidinga treng svært mykje elektrisk energi og gjennom heile søre delen av Øygarden, finn ein kablar i grunnen der elektrisitet vert frakta fram til gassanlegget på Kollsnes.

Kollsnes næringspark

Kollsnes næringspark. Ved Ljøsnesbukta på Nordaustsida av Blomøya mot Hjeltefjorden, ligg det som i dag vert kalla Kollsnes næringspark. Her føregår det også handtering av naturgass. Dei ferdige gassane vert med bil og båt eksporterte vidare til brukarane.

Kollsnes næringspark. Ljøsøyna som tidlegare høyrde til gnr 41 Blomvågnes, er no gjort «landfast» med Blomøyna. Sør på Ljøsøyna som ligg ut mot Hjeltefjorden, arbeider ein no med planar om eit anlegg som kan ta imot CO2 og føra gassen attende i tomme olje- og gassbrønnar i Nordsjøen. Foto: Kystmuseet i Øygarden.

Ein del av gassen som ikkje kan gå til annan marknad, vert nytta av BKK på staden, til produksjon av elektrisk kraft nytta på anlegget. Frå denne produksjonen vert det brukt vatn til nedkjøling av motorane og generatorane. Det varme vatnet går til eit anlegg like ved som driv oppdrett av leppefisk.
I Kollsnes næringspark er det også ein stasjon for vedlikehald, sørvis og testing av gassturbinar. Desse turbinane kjem inn frå produsentar som treng testing, og frå stader som produserer elekstrisk kraft ved hjelp av gassturbinar.

Kollsnes, med Stureterminalen mot midten av bildet. Foto; Kystmuseet i Øygarden

Bølgjekraftverka vest på Toftøy

Vest for Toft, på den nordre delen av Kalvøyna, ligg Stallen (gards nr 35/6). Her vart det etablert to bølgjekraftverk som stod ferdige til utprøving i 1985. Det eine kraftverket skulle fungera ved at vatn vart ført opp til eit basseng ved hjelp av bølgjer og ei kilerenne. Når vatnet rann attende til havet, skulle det så driva eit kraftverk på tradisjonelt vis. Det andre kraftverket var ein turbin driven av lufttrykket som vart danna i eit kammer når bølgjer stig og søkk under turbinen. Blada på turbinen var laga slik at dei gjekk rundt i same retning sjølv om luftstraumen gjekk i to ulike retningar (opp og ned).
Men utprøvingane vart inga suksess. I 1988 raserte ein vinterstorm kraftverka. I det eine kraftverket vart delar av bølgjegata, kilerenna til bassenget, kasta overende av gigantbølgjer og flytta langt inn i bassenget. Det største elementet vart kasta av under vinterstormen i 1998, medan det siste låg på «vippen» i mange år, før det vart slengt innover under ein storm for nokre år sidan.

I dag ligg delar av det eine bølgekraftverket på Kalvøyna vest for Toft som eit minne. Samstundes er det ei påminning om dei kreftene som rår når uveret herjar som verst; men kanskje også om energi som kan nyttast dersom me lærer oss å temja dei enorme kreftene. Foto Øygarden kommune 2016.

Målsetting og tiltak

Målsetting:	Formidling av historia som er knytt til tekniske og industrielle kulturminne.
Tiltak:	Utvikla formidlingsopplegg for Nothengja. Utvikle eit filmprosjekt om Kvalstasjonen. Sikra brua ut til bølgjekraftverket. Tydeleggjere at ferdsel skjer på eige ansvar ved på setje opp skilt og digital informasjon. Setja opp informasjonstavle om kraftverka. Gjera folk kjende med at Kystmuseet har utstilling og film som fortel historia til bølgjekraftverka.

Kapittel 7 Forsvars- og krigsminne

Me kjenner til svært få restar av forsvarsverk som stammar frå tida før siste verdskrigen. Nokre stadar har det vore militære vakter (nøytralitetsvakt), men det er få merker etter slik verksemd som er synlege i dag.
Flyplassen på Herdla vart etablert av tyskarane då dei hærsette landet i april 1940. Dette var den største flyplassen mellom Rogaland og Trøndelag. Den var særleg viktig for forsvaret av ubåtbasen i Bergen. Aktiviteten til tyskarane på Herdla og angrepa frå engelske fly mot

flyplassen, skapte mange farlege situasjonar for folket i Øygarden. Dei engelske flya måtte fly over Øygarden for å bomba flyplassen.
I Instetjørna på Skjold styrta to engelske fly 27.desember 1941, etter eit åtak på Herdla. Besetningane med til saman seks mann omkom i denne hendinga. Delar av desse flya ligg framleis i tjørna. Mange på Skjold og Stura var vitne til hendinga.
Det kunne under krigen bli skote med skarpt frå Herdla eller frå båtar i fjorden. Nedslag frå slik skyting vart det ofte i Øygarden. I åkrane kunne ein finna delar av granatar når potetene skulle i jorda, og på Herdlevær har ein framleis ein ås (bete) i løa med merkje etter ei kule som gjekk gjennom den store beten. Likeeins vart slipesteinen utanfor løa råka av ei kule, og merket etter kula syner framleis i steinen.
Med bakgrunn i forsvaret av Herdla flyplass og innseglinga til Bergen, etablerte tyskarane fleire forsvarsverk ulike stadar i Øygarden.

Neshaugen (Blomvågnes)

Neshaugen (Blomvågnes) er no delvis restaurert slik tyskarane sette det opp under okkupasjonen. Heimevernet held også til i dette bygget etter krigen og nokre år framover. I det same området er det fleire spor etter militær aktivitet.

Bilete av vaktposten på toppen av bunkeren på Neshaugen, der observatøren sat. Foto Kystmuset i Øygarden.

Blomenuten

På dette «fjellet», som er det høgaste punktet på Blomøy og i Øygarden (ca 72 meter o.h.), hadde dei tyske okkupantane ein utkikkspost – og skyttargravene rundt kan ein framleis sjå. Tyskarane hadde også eit hus på Blommenuten. Tomta er framleis synleg, men huset vart teke ned etter krigen og teke i bruk som bustadhus. Den utsiktposten som framleis ruvar på toppen, vart sett opp av det norske heimevernet like etter krigen.

Vaktpost i Ulvesundet på Rong, gnr/bnr 38/5. Foto Øygarden kommune 2019

Englandskaien på Hernar.

Under krigen var det som del av motstandskampen ein god del båttrafikk mellom Noreg og Shetland (Englans). Det var illegal trafikk knytt til krigen mot okupasjonsmakta i Noreg. Vestlandskysten var naturleg utgangspunkt for denne trafikken og på Hernar er det frå naturen si side ein stad der båtar kunne leggje inntil. Denne staden går under namnet Englandskaien på Hernar. Her kunne båtar som var i slik fart, leggja til og setja i land folk, anten frå England (Shetland), eller dei som var på veg til til England. Kaien er ein naturskapt stad der båtar lett kunne leggje til.

Flymeldepost på Toftøy og på Selsstakken

De få restane etter den tyske flymeldeposten kan ein sjå på toppen av Dalekletten. Det tyske anlegget er rive og det ligg eit vassbasseng på staden no. Nokre meter vest for bassenget finst to attmura tunnelinnslag. I dalsøkket nord for Dalekletten kan ein sjå tre uferdige

forsvarsanlegg med løpegraver som endar i maskingeværstillingar. Anlegga er sprengde ut i fjell, og har i hovudsak skotfelt mot vest.
Det har vore ein tilsvarande meldepost på Selsstakken i Hjelmo.

Målsetting og tiltak

Målsetting:	Formidla historie om forsvarsverka.
Tiltak:	Gå i dialog med Museum Vest om forvaltning av krigsminner i Øygarden, til dømes Neshaugen.

Kapittel 8 Immateriell kulturarv og lause kulturminne

Immateriell kulturarv

Kulturminne er ikkje berre fysiske spor etter levd liv i landskapet. Kulturarven omfattar også levande tradisjonar og tradisjonell kunnskap som vert overført mellom folk. Dette er den immaterielle kulturarven som byggjer på menneskelege erfaringar, kunnskapar og uttrykk nedarva gjennom generasjonar og som folk erkjenner som sin kultur. Korleis me tenkjer og kva verdiar me har vert vidareført frå ein generasjon til den neste gjennom språk og kommunikasjon. Dette utgjer fundamentet for samfunnslivet. Det finst eit stort tilfang av immaterielle kulturminne. Nye generasjonar og ulike miljø vil gjera sine val om kva som skal vektleggjast. I dag driv Kystmuseet viktig og god formidling av immateriell kulturarv, både gjennom formidlingsopplegg for skulane knytt til den kulturelle skulesekken (DKS prosjekt), og gjennom anna formidling til skulane og til dei besøkande på museet.
I planen har me vald fem kategoriar som me vil ta utgangspunkt i innan immateriell kulturarv: Forteljartradisjonar, handverkstradisjonar, stadnamn, mattradisjonar og religiøse tradisjonar og ritual.

Forteljartradisjon:

Å ta vare på og formidle lokale og regionale fortellingar og historier er ein levande tradisjon i Øygarden. Mange fortel historiene sine gjennom dei mange bøkene og lokale skriftene som vert utgjevne. Eit døme er årboka Havstrilen. Boka eit resultat av mange lokale skribentar og gode forteljarar som formidlar forteljingar om historiske hendingar og røynsler. Arbeidet med gard- og ættesoge er og eit godt døme.
Kunnskapar og ferdigheiter knytt til å leva og forholda seg til livet ved havet, er eit resultat av vidareført formidling og erfaringar som har vore nødvendige for å greia seg i naturen både til sjøs og til lands.

Musikals tradisjon:

I den musikalske tradisjonen har ein forteljingar om bruk av fele, trekkspel, profane og religiøse folketonar. Særleg religiøse folketonar er det rikt tilfang av, samla av Arne Bjørndal og Trygve Fischer på 1950-60-talet.

Handverkstradisjonar:

Tillaging av fiskereiskapar og vedlikehald av småbåtar har gjennom fleire tusen år vore naudsynt kunnskap for fiskarfolket i Øygarden. I dei gamle nausta vitnar færingar, liner, snøre, teiner, nøter og garn om kunnskap om forming av reiskapar, korleis færingane skulle vølast og korleis lokale ressursar kunne nyttast. Bruk av tradisjonsbåtar og fiske har vore sjølve livsnerven i Øygarden. Denne kunnskapen er i ferd med å forsvinna. Det arbeidet som musea, kystlaga og enkeltpersonar gjer for å ta vare på og vidareformidlar dette til kommande generasjonar, er uvurderleg.
Handverkstradisjonar knytt til tekstilproduksjon representerte likeeins kunnskap som var i ferd med å forsvinna. I dag er interessa for bunad, bunadssaum og drakttradisjonar aukande, og mange av øygardsjentene stiller i bunad til konfirmasjonen.

Stadnamn:

Stadnamn gjev oss kunnskap om vår eiga historie, korleis landskapet langt tilbake i tida har blitt tolka og nytta. Døme: Ved Ormhilleren er det ein stad som vert kalla «Gassen». Staden vitnar om at det her kan ha vore ein offerplass i norrøn tid. I gamle folkesegn representerte «gasse» ein underjordisk, eller eit haugtroll. Namn som Stridsholmen, Domshellaren, Likvika, Helledalen og fleire slike, kan setja fantasien i gang. Og ofte knyter det seg forteljingar til slike namn i lokalmiljøet (Har de høyrt om Frøklesteinane og Brokeskiten?). Mange «nye» vegnamn i Øygarden er valde ut i frå gamle stadnamn.
Sverre Rong har gjort eit viktig kulturhistorisk arbeid gjennom å dokumentera mange stadnamn. Desse kan no formidlast gjennom arbeidet med ny ættesoge og kultursoge.

Mattradisjonar:

Ved å tilnærma oss historia gjennom matkultur set me fokus på ein del av den immaterielle kulturarven som har djupe røter, og samstundes er i dynamisk utvikling. Mat er nødvendig for å overleva, samstundes som det er tett knytt til noko meir, til sosialt liv og organisering. Matskikkar fortel om tradisjonar og verdiar. Kunnskapsoverføring var naudsynt så lenge dei materielle forholda held seg stabile. I Øygarden har konservering av fisk, kjøtt og baking av flatbrød lange tradisjonar. Salting, røyking og tørking er erfaringskunnskap som etter kvart berre eit fåtal beherskar. I dag er det musèum, kystlag og spesielt interesserte einskildmenneske som oppeheld kunnskapen om matproduksjon basert på lokale tradisjonar. Fangst av kval og bruken av kjøtet har utgjort ein kjærkommen ressurs i delar av Øygarden. Bruk av kvalkjøt er framleis ein levande praksis/tradisjon.

Religiøse tradisjonar og ritual

I Øygarden var det på byrjinga av 1900 talet sett opp 15 bedehus. Bedehusa er sentrale kulturminne og mange av dei er framleis i aktiv bruk. Bedehusa som institusjonar forvaltar den immaterielle kulturarven knytt opp mot sosiale skikkar og høgtidsfestar. Dei har ein sentral plass i store hendingar i kyrkjelyden. Her vert songtradisjonar og forteljingar vidareførte og får betydning for dei som er del av forsamlinga. Ei djup forståing og respekt for åndslivet knytt til bedehusa, er naudsynt for å kunna formidla og forklara religiøs tru og menneske som forma Øygardssamfunnet.

Lause kulturminne

Meir enn 4000 gjenstandar utgjer samlinga til Kystmuseet. Desse er digitalt registrerte i PRIMUS. I tillegg er det samla kring 600 gjenstandar som ikkje er registrerte. Museet har 31 tradisjonsbåtar og 13 bygningar.

Målsetting og tiltak

Målsetting:	Ivareta, formidla og auka interessa og kunnskapen om den immaterielle kulturarven.
Tiltak:	Halda den immaterielle kulturarven levande gjennom aktivitetar og formidlingsopplegg. Gjera songtradisjonane kjende gjennom kulturarrangement. Halda kurs i reparasjon av tradisjonsbåtar. Halda mattradisjonskurs i salting og tørking av fisk, steiking av lefser og flatbrød. Søke utviklingsmidlar til vidareutvikling av regional guideteneste

Kapittel 10 Oppslagsdel

Definisjonar og begrep

Kva er kulturminne, og korleis blir dei verna?
Kulturminne er alle spor etter menneskeliv og -verksemd i det fysiske miljøet. Omgrepet omfattar også stadar som det knyter seg historiske hendingar, tru eller tradisjon til. Naturelement som har kulturhistorisk verdi, er òg kulturminne, eller kan inngå som del av eit slikt. Kulturminne kan til dømes vera bygningar, hagar, gravhaugar, helleristningar, båtar eller

vegfar. Desse kan vera frå uminnelege tider, eller frå vår eiga tid. Det er vanleg å skilja mellom lause og faste kulturminne.

Eit **freda kulturminne** vert av styresmaktene gjeve så høg verdi, at det må sikrast for ettertida. Freding er den strengaste forma for vern. Det vil seie at eventuelle inngrep eller endringar må godkjennast av regionale kulturvernstyre. Kulturminne som skriv seg frå før 1537, og ståande bygningar frå før 1650, er automatisk freda. Alle andre kulturminne kan vedtaksfredast av Riksantikvaren.
Verneverdig er ikkje ein absolutt verdi. Alle kan så å seia gje noko kulturminneverdi. I plansamanheng er likevel eit «verneverdig kulturminne» eitt som har gjennomgått ei kulturhistorisk vurdering og identifisert som verneverdig.
Dei mest verneverdige kulturminna er av nasjonal verdi. Det er først og fremst desse som er freda etter kulturminnelova**.** Kulturminne kan også ha regional eller lokal verdi. Normalt vil det vera kommunane som sikrar vern av slike kulturminne ved hjelp av plan- og bygningslova**.** I hovudsak er det desse kulturminna planen omfattar.

Klassifisering av verneverdi

Askeladden er den nasjonale databasen for oversikt over kulturminne og -miljø som er freda etter kulturminnelova, verna etter plan- og bygningslova eller vurdert som verneverdige i ein kommunal kulturminneplan.
Det er eit nasjonalt mål at kommunane skal ha kunnskap om og oversikt over verneverdige kulturminne. 12. juni 2015 vart det vedteke 'nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging', der det står at kommunane har hovudansvaret for å identifisera, verdisetja og forvaltea verneverdige kulturminne i tråd med nasjonale mål.
Eit verneverdig eller bevaringsverdig kulturminne er såleis eitt som har gjennomgått ei kulturhistorisk vurdering og er identifisert som verneverdig. Riksantikvaren oppfordrar kommunane til å gjera denne vurderinga og prioritera eit utval som skal inngå i ein politisk vedteken kulturminneplan.
Når me registrerer vernestatus for kulturminna som er prioriterte i den politisk vedtekne planen, skal anten kategorien 'kommunalt verneverdig' eller 'verna etter plan- og bygningslova veljast.
Kommunalt verneverdig er såleis kulturminne som kommunen har identifisert som verneverdige, og som kommunen gjennom politiske vedtak har bestemt at skal ivaretakast, sjå nærare konkretisering i Figur 1.
Verna etter plan- og bygningslova er område i kulturminneplanen som kommunen har fatta eit enkeltvedtak om. Det kan dreia seg både om tidlegere område regulert til bevaring, eller regulert til omsynssone etter gjeldande plan- og bygningslov,

Tilskotsordningar

Kva kan du søkje om tilskot til hos Riksantikvaren

- arkeologiske kulturminne
- brannsikring av tette trehusmiljø
- bygningar, ruinar og anlegg frå mellomalderen (før 1537)
- bygningar og anlegg etter 1537
- fartøy

- fartøyvernsentra
- konservering av fast inventar
- konservering av kyrkjekunst
- kulturmiljø og kulturlandskap
- kulturminnearbeid i kommunane
- samiske kulturminne og kulturmiljø
- tekniske og industrielle kulturminne
- verdiskaping
- verdsarv

Hjå fylkeskommunen:

Tilskot til vern av kulturminne i Hordaland
Tilskot til freda kulturminne i privat eige, kulturmiljø og kulturlandskap
Tilskot til ivaretaking og tilretteleggjing av arkeologiske kulturminne (BARH)
Tilskot til forvalting og drift av verna fartøy
Tilskot til sikring og istandsetjing av verna fartøy

Hjå Øygarden kommune

Restaurering av kulturminne.

Kapittel 11 Vedlegg

- Handlingsplan m/tiltak
- Kart – Krinsar og gardsnummer
- Kart - Oversikt over SEFRAK-registreringar
  Kart - Oversikt over kulturminne i Askeladden
- Estetiske retningslinjer, Øygarden kommune
- Vern og drift av Tjeldstømarka
- Arkeologiske registreringsrapportar frå Hordaland fylkeskommune Havstrilen
- Kystmuseet i Øygarden sitt lokalhistoriske arkiv Kjell Terje Dåvøy: Gards- og ættesoge frå Dåvøy og Rotevågsøy. To øyar i Øygarden kommune. Soga om Fløskjeret. Grafisk hus A/S Bergen
- Bygdeboka for Vik i Øygarden, ISBN 978-82-7129-216-8 Kulturhistorisk vegbok for Hordaland, 82-7326-026-7(ib.)
- Arne Asphaug Øygarden: Øygarden kommune, fleire band
- Strilesoga. Nord- og Midhordland gjennom tidene 1-5 , 82-514-0480-0, 82-514-0520-3 . - 82-514-0544-0
- Rettleiar frå Riksantikvaren og andre kulturmimneplanar Vestlandes historie Knut Helle, Vigmostad, og Bjørke
- Kulturminnesøk Askeladden
- SEFRAK-register for Øygarden Kyrkjesøk Artikkel om Rongeloftet
- Fiskerihistorie

Kapittel 12 Kjelder og litteratur

takk til medhjelparar:
Egil Sæle,
Alfhild Hernar
Trygve Hellesøy
Kåre Sæle
Bjarne Sæle
Bjarne Skjold
Kari Ingrid Døskeland
Trygve Fjellstad
Kjell Alvheim
Johannes Mikkelsen
Oskar Mikkelsen
Ottar Blom
Oline Torsvik
Berta Gjengedal
Hans Sæle
Ingrid Haugetun
Norvald Vik
Asbjørn Toft
Thora Vik
John Solsvik
Else Austbø
Lajla Elin Blom
Eldbjørg Møllerup